Kjelde: Norsk teater- og orkesterforening og Danse- og teatersentrum.


66 500 fleire teaterbesøk i NTO-institusjonane

Nærare 1,9 millionar tilskodarar besøkte dei 30 ulike teatra som er medlemmer i Norsk teater- og orkesterforening (NTO) i 2008. Dette representerer ein auke på 66 500 besøk samanlikna med 2007. Barn og ungdom stod for 80 prosent av denne auken og i 2008 var det nær 720 000 besøk av barn og unge.

Fleire fram syningar


Etter ein reduksjon i talet på fram syningar i 2007, har talet på fram syningar auka med drygt 500 frå i fjor. Totalt hadde NTO-institusjonane over 9 800 fram syningar i 2008. Dette er det høgste rapporterte talet dei siste fem åra. Det er i talet på fram syningar retta mot barn som står for heile denne auken. Tilskodarar per fram syning ser ut til å ha gått litt attende, både totalt og for fram syningar for barn og ungdom. Då eit teater ikkje har rapportert tal på fram syningar, kan desse tala representere ei feilkjelde. I tillegg til figur 5.2, syner tabell 5.1 nærare detaljar.

Figur 5.2. Tilskodarar ved teater og opera. 2005-2008



Kjelde: Norsk teater- og orkesterforening.

Tilskotsteatra hadde til saman inntekter på 1,5 milliardar kroner i 2008. 65 prosent av inntektene var tilskot frå staten, 9 prosent var regionale driftstilskot og 26 prosent var andre inntekter. Delen tilskot frå staten er redusert med 5 prosentpoeng sidan 2007. Samla driftsresultat for tilskotsinstitusjonane i 2008 var eit negativt resultat på 22 millionar kroner. Dette resultatet er lågare enn i 2007, sjølv om ein korrigerer for tre institusjonar som ikkje var med i oversikta for 2007. I 2008 blei det utført 1 791 årsverk ved dei 19 tilskotsinstitusjonane. Dette er ein auke på 81 årsverk sidan 2007 korrigert for dei tre institusjonane.

Figur 5.3. Teater og opera. Inntekter for tilskotsteatra. 2003-2008. 1 000 kroner

Kjelde: KKD, St.prp. nr. 1.

Fri scenekunst – fleire framsyningar og besøk

86 frie teater- og dansegrupper har rapportert tal til Danse- og teatersentrum for 2008, ti færre grupper enn i 2007. Sjølv om færre grupper har rapportert tal for 2008, har talet både på framsyningar og tilskodarar hatt auke, respektive 43 og 32 prosent. Tilsaman hadde dei frie teater- og dansegruppene nesten 636 000 besøkjande på 5 600 framsyningar. 60 prosent av framsyningane var retta mot barn, mot 81 prosent i 2007. Totalt var det 113 besøk per framsyning, ein nedgang på 9 frå førre året, men er det same besøkstalet per framsyning som i 2006. 66 av gruppene var teatergrupper og 20 var dansegrupper (jf. tabell 5.3).

Norsk scenekunstbruk – 30 000 fleire tilskodarar

Norsk scenekunstbruk formidlar fri profesjonell scenekunst. I 2008 blei det formidla 65 produksjonar gjennom Norsk scenekunstbruk sitt nettverk, litt færre enn førre året. Desse 65 produksjonane hadde til saman 2 650 framsyningar med totalt 243 000 tilskodarar til stades. Delen barn og unge har gått litt ned dei siste tre åra og utgjorde 81 prosent av tilskodarane i 2008, mot 90 prosent i 2007. Talet på ungdom/vaksne tilskodarar over 15 år har meir enn fordobla seg siste året. (jf. tabell 5.4).

Frivillig scenekunst – over 500 000 tilskodarar

Norsk teaterråd representerer den frivillige scenekunsten. Rapporterte tal frå 12 medlemsorganisasjonar i 2007 syner at aktiviteten var omfattande. Til saman hadde desse organisasjonane nesten 5 000 framsyningar fordelt på 1 250 ulike produksjonar. Nær 22 400 aktørar deltok i dette arbeidet, og til saman 522 000 tilskodarar var til stades på framsyningane. (jf. tabell 5.5).

53 prosent på teater, musikal eller revy siste 12 månader i 2008

Tal frå Kultur- og mediebruksundersøkinga 2008 syner at 53 prosent hadde vore på teater, musikal eller revy siste 12 månader i 2008, mot 49 prosent i 2004. 13 prosent hadde vore på ei ballett- eller danseframsyning mot 12 prosent i 2004. 7 prosent hadde vore på opera eller operette siste 12 månader i 2008, mot 5 prosent i 2004. Kvinnene er flinkast til å nytte desse aktivitetane. Dei med høgast utdanning nyttar tilboda i større grad enn dei med lågare utdanning. Det er også slik at dei med høg hushaldsinntekt i større grad nyttar slike tilbud enn dei med låg inntekt. Fleire resultat frå undersøkinga finn ein i tabellane 5.7, 5.8 og 5.9.

30 prosent med innvandrarbakgrunn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Europa utanom EU på teater, musikal eller revy siste 12 månader i 2008

Tal frå eit tilleggssutval til Kultur- og mediebruksundersøkinga 2008 blant personar med innvandrarbakgrunn, syner at 30 prosent av 9-59-åringar med innvandrarbakgrunn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Europa utanom EU hadde vore på teater, musikal eller revy siste 12 månader i 2008, mot 54 prosent blant befolkninga i Noreg i samme aldersgruppe. 14 prosent i denne innvandrargruppa hadde vore på ei ballett- eller danseframsyning siste 12 månader, det same som

befolkninga i Noreg. 4 prosent i same innvandrargruppe hadde vore på opera eller operette siste 12 månader, mot 5 prosent i befolkninga i Noreg. I begge desse gruppene er kvinnene flinkast til å nytte både teater/musikal/revy og ballett-/dansenstilbod. Ser ein på utdanningsnivå, går det fram at i begge gruppene er det dei med høgast utdanning som helst nyttar tilboda på teater/musikal/revy. Det er også slik at dei med høg hushaldsinntekt i større grad nyttar slike tilbod enn dei med låg inntekt. Blant innvandrarar frå EU, USA, Canada og Australia hadde 46 prosent vore på teater, musikal eller revy siste 12 månader, 18 prosent hadde vore på ballett- eller danseframvisning og 10 prosent hadde vore på opera eller operette. Det er særleg kvinnene i denne gruppa som har vore på opera eller operette. Fleire resultat frå undersøkinga finn ein i tabellane 5.10, 5.11 og 5.12.

5.2. Om statistikken - dei ulike scenekunstorganisasjonane

Norsk teater- og orkesterforening (NTO)

NTO, jf. avsnitt 6.2, er ein arbeidsgivar- og interesseorganisasjon for profesjonell musikk og scenekunst. NTO har 42 medlemmer innanfor teater, dans, opera og orkestermusikk i 2008. Medlemmene representerer nasjonale institusjonar, region-/landsdelsinstitusjonar, programmerande teater, produserande teater og musikkensemble. Som arbeidsgivarorganisasjon sluttar NTO avtaler med og/eller hjelper medlemmene sine i forhandlingar med ei rekkje arbeidstakarorganisasjonar. (Norsk teater- og orkesterforening. <http://www.nto.no>).

Tala som blir presenterte i tabellar og figurar, kan ikkje heilt samanliknast frå år til år, då medlemstalet i NTO har auka nesten kvart år. I 2007 var det eit medlem meir enn i 2006, og dersom det blir korrigert for dette, vil ein sjå at besøket viste ein nedgang frå 2006 til 2007. I statistikken for 2008 er talet på medlemsinstitusjonar det same som for 2007. Eit teater hadde ikkje rapportert framvisningar i 2007. Det same er tilfellet for 2008-rapporteringa.

Danse- og teatersentrum (DTS)

Danse- og teatersentrum (DTS) er ein interesseorganisasjon og eit kompetansesenter for fri profesjonell scenekunst i Noreg. Organisasjonen blei etablert som interesseorganisasjon i 1977 med mål om å synleggjere frie grupper, og lyfte status for mangfaldet av sceniske uttrykksformer utanfor institusjonane. (Danse- og teatersentrum, Om DTS). Heller ikkje tala for det frie scenekunstfeltet kan heilt samanliknast då talet på medlemmer som sender rapportar til DTS, varierer noko frå år til år. I 2008 har DTS 88 medlemmer, 60 av desse har rapportert tal i 2008.

Norsk scenekunstbruk

Norsk scenekunstbruk er ein nasjonal formidlingsordning for fri profesjonell scenekunst i regi av Danse- og teatersentrum. Norsk scenekunstbruk er den største og viktigaste landsdekkjande formidlar av scenekunst for aldersgruppa 0-20 år. Scenekunstbruket er også den nasjonale aktøren i formidling av scenekunst i Den kulturelle skolesekken. Norsk scenekunstbruk har eit medlemsnettverk av fylkeskommunar og deira lokale arrangørar. Det blir lagt stor vekt på aktive og medverkande arrangørar for å auke kompetansen og interessa for scenekunst lokalt. Nettverket omfatta i 2008 16 fylke. Nokre av gruppene rapporterer tal på produksjonar og tilskodarar òg gjennom DTS. (<http://www.scenekunst.no> - 2009).

Norsk teaterråd

Norsk teaterråd er ein landsomfattande paraply- og interesseorganisasjon på det frivillige scenekunstfeltet. Organisasjonen har 16 medlemsorganisasjonar, enkelte er landsdekkjande, andre er regionale. 12 av desse medlemsorganisasjonane rapporterte aktiviteten til Norsk teaterråd for 2007. Nokre av medlemmene driv berre med amatørteater, andre arbeider på fleire kulturområde. Norsk teaterråd har fylkesråd i ni fylke. Norsk teaterråd forvaltar den delen av dei statlege midlane (overskotet frå Norsk Tipping AS) til barn og unge som skal gå til scenekunst, Frifond teater. (Norsk teaterråd, <http://www.teater.no> - 2009).

Frifond teater

Frifond teater er ein del av Frifond, ei støtteordning oppretta av Stortinget for å betre dei økonomiske rammevilkåra for demokratisk og medlemsbasert aktivitet. Frifond teater har som mål å støtte grupper og lag som jobbar med teater og dans

på amatørnivå. Målsetjinga med ordninga Frifond teater er å medverke til at interessa for teater og dans på lokalt plan aukar. (Sceneliv, nr. 2-3/2007, Norsk teaterråd).

Kulturbruksundersøkingane

Statistisk sentralbyrå gjennomfører kvart fjerde år ei utvalsundersøking, der folk i alderen 9-79 år blir spurde om bruken av ulike kulturtilbod. Siste tilgjengelege resultat er publisert i Norsk kulturbarometer 2008 og i denne publikasjonen. Data i tabellane 5.7, 5.8 og 5.9 er henta frå desse undersøkingane. Termen *kvartil* representerer om lag ein fjerdelel av utvalet i undersøking i kvar gruppe. Talet i kvar gruppe vil variere noko frå år til år.

Tala i tabell 5.10, 5.11 og 5.12 viser resultat frå ei intervjuundersøking i 2008 om kulturvanar blant personar med innvandrarbakgrunn i alderen 9-59 år. Tala i desse tabellane viser del personar med innvandrarbakgrunn som har vore på teater/musikal/revy, opera/operette og ballett- og danseframsyning og kor mange gonger i løpet av dei siste 12 månadene. Denne undersøkinga var ei tilleggssundersøking til kulturbruksundersøkinga nemnd over, og intervjuar blei utførte samstundes.

Referansar:

- Sceneliv, nr. 2-3/2007
- Norsk teater- og orkesterforening, <http://www.teater.no>
- Norsk teaterråd: <http://www.teater.no>

Nyttige Internett-adresser:

Kulturstatistikk 2007: http://www.ssb.no/emner/07/nos_kultur/
Norsk kulturbarometer 2008: <http://www.ssb.no/kulturbar/>
Kultur- og mediebruk blant personar med innvandrarbakgrunn: http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp_200929/
Levkårsundersøkinga 2007: <http://www.ssb.no/emner/00/02/levstat/>
Norsk teater- og orkesterforening: <http://www.nto.no/>
Danse- og teatersentrum: <http://www.danseogteatersentrum.no/>
Norsk scenekunstbruk: <http://www.scenekunstbruket.no/>
Norsk teaterråd: <http://www.teater.no>

5.1. Framsyningar og tilskodarar ved teater¹ og opera. 2003-2008

	Framsyningar		Tilskodarar		Tilskodarar per framsyning		Turnéframsyningar ²	
	I alt	Av dette for barn og ungdom	I alt	Av dette barn og ungdom	I alt	Av dette for barn og ungdom	Framsyningar	Tilskodarar
2003	7 522	3 304	1 549 064	663 119	206	201	2 339	414 486
2004	8 149	3 455	1 621 290	670 996	198	194	2 668	448 377
2005	8 677	4 065	1 561 253	687 328	180	169	2 901	421 860
2006	9 624	3 884	1 781 755	651 160	185	168	3 346	461 115
2007	9 268	3 664	1 792 395	663 901	193	181	3 119	459 295
2008	9 803	4 198	1 858 855	717 027	190	171	3 125	452 732
2008								
Agder Teater	302	245	43 461	27 578	144	113	59	5 331
Akershus teater	601	466	71 965	62 316	120	134	601	71 965
Avant Garden	351	217	15 512	10 601	44	49	188	9 540
Beaivvás Sámi Teahter	77	26	6 372	1 669	83	64	54	3 094
BIT Teatergarasjen	134	-	14 709	-	110	-	-	-
Black Box Teater	172	30	11 384	1 166	66	39	-	-
Brage teatret	325	323	36 213	36 145	111	112	289	33 256
Carte Blanche Danseteater	61	3	14 697	1 378	241	459	32	10 315
Dansens hus	140	68	16 900	7 965	121	117	50	4 250
Den Nationale Scene	742	278	142 035	39 343	191	142	25	1 725
Den Norske Opera & Ballett	183	115	187 333	49 851	1 024	433	19	4 025
Den Nye Opera	20	-	30 367	-	1 518	-	-	-
Det Norske Teatret	984	240	175 064	61 968	178	258	47	3 839
Det Apne Teater	152	47	9 549	3 611	63	77	-	-
Haugesund Teater	149	120	29 170	18 333	196	153	9	4 854
Hedmark Teater	206	75	17 762	5 139	86	69	163	13 592
Hordaland Teater	347	298	53 668	45 825	155	154	6	19 794
Hålogaland Teater	500	186	62 352	22 740	125	122	95	20 100
Nationaltheatret	771	110	212 365	57 097	275	519	70	21 236
Nord-Trøndelag Teater	121	44	20 078	7 615	166	173	103	17 763
Nordland Teater	277	138	25 656	13 854	93	100	139	13 186
Opera Sør	-	-	5 719	-	-	-	-	-
Oslo Nye Teater	677	221	197 080	48 222	291	218	9	1 263
Riksteatret	677	248	136 897	68 702	202	277	541	111 954
Rogaland Teater	744	241	144 253	57 305	194	238	197	28 396
Sogn og Fjordane Teater	186	131	17 987	8 253	97	63	159	15 360
Teater Ibsen	134	70	16 653	7 291	124	104	85	9 631
Teater Manu - norsk tegnspråketeater	3	1	3 564	1 913	1 188	1 913	1	2 376
Teatret Vårt	282	146	31 861	20 968	113	144	140	21 981
Trøndelag Teater	485	111	108 229	30 179	223	272	44	3 906

¹ Gjeld dei teatra som er medlemmer i NTO. ² Medrekna turnéar i utlandet.

Kjelde: Norsk teater- og orkesterforening og dei enkelte teatra.

5.2. Økonomiske nøkkeltal for tilskotsteatra. 2003-2008. 1 000 kroner

	Tilskot frå staten	Regionale driftstilskot	Andre inntekter	Drifts-kostnader	Årsverk
2003	676 677	79 247	190 493	928 878	1 492
2004	713 929	83 109	210 210	997 988	1 536
2005	741 239	86 885	220 121	1 041 651	1 594
2006	787 079	94 119	274 664	1 144 229	1 636
2007	851 288	103 411	247 350	1 198 479	1 671
2008	946 586	131 709	373 110	1 473 136	1 791

2008

Agder Teater ¹	16 133	7 867	7 575	32 236	45
Beaivvás Sámi Teáhter ²	-	15 415	873	16 291	17
Carte Blanche A/S	17 753	7 609	1 896	28 039	30
Den Nationale Scene ³	85 623	-	30 209	114 103	161
Den Norske Opera og Ballett ...	346 138	-	132 549	483 272	564
Det Norske Teatret	121 721	-	37 857	166 973	210
Haugesund Teater	6 162	2 742	7 083	17 208	14
Hedmark Teater	10 688	4 757	3 701	18 613	25
Hordaland Teater	7 787	3 502	3 471	15 229	10
Hålogaland Teater	36 598	15 685	10 139	60 100	73
Nationaltheatret ⁴	135 379	-	49 693	183 974	241
Nord-Trøndelag Teater ⁵	5 842	5 453	2 063	16 185	11
Nordland Teater	18 907	8 103	3 815	27 923	28
Peer Gynt-stemnet	2 550	845	23 899	31 403	11
Rogaland Teater	38 893	18 410	28 820	94 620	107
Sogn og Fjordane Teater	13 261	5 684	1 444	21 011	23
Teater Ibsen	17 805	7 631	3 370	28 697	30
Teatret Vårt	14 931	6 400	3 115	24 035	26
Trøndelag Teater	50 415	21 606	21 538	93 224	165

¹ Agder Teater driv også kulturhuset i Kristiansand kommune. Tala for Agder Teater gjeld berre teaterdrifta så nær som årsverk, der kulturhusdrifta er inkludert.

² Beaivvás Sámi Teáhter får fast årlig driftstilskot frå Sametinget og Kautokeino kommune, som i 2008 utgjorde respektive 14,6 millionar kroner og 0,8 millionar kroner.

³ Den Nationale Scene fekk i 2008 i tillegg eit tilskot på 2 millionar kroner frå kap. 320 Allmenne kulturformål, post 73 Nasjonale kulturbygg til utbetringar av taket til teaterbygningen. ⁴ Nationaltheatret fekk i 2008 i tillegg eit tilskot på 0,5 millionar kroner øyremerkt Den Internasjonale Ibsenprisen frå kap. 326 Språk-, litteratur- og bibliotekformål, post 76 Ibsenpris m.m. ⁵ Nord-Trøndelag Teater er organisert som ei fylkeskommunal verksemd.

Kjelde: KKD, St.prp. nr. 1.

5.3. Frie teater- og dansegrupper. 1993-2008

	Grupper i alt	Teater-grupper	Danse-grupper	Medlemmer i alt	Nye produksjonar i alt	Framsyingar i alt	Av dette for barn	Besøkjande i alt	Besøk per framsyning
1993	31	28	3	111	78	2 153	2 177	202 478	94
1994	37	33	4	119	65	1 998	1 278	208 141	104
1995	35	31	4	101	42	1 686	1 270	163 189	97
1996	34	29	6	101	42	1 914	1 285	203 664	106
1997	34	23	11	..	..	1 777	869	221 080	124
1998	38	33	5	110	45	1 356	869	177 259	131
1999	51	42	9	..	37	1 928	900	227 186	118
2000	56	46	10	109	35	1 591	861	263 130	165
2001	59	48	11	142	40	2 366	1 318	279 550	118
2002	79	66	13	254	59	2 865	1 859	379 960	133
2003 ²	81	64	17	227	40	3 167	2 482	348 658	110
2004 ¹	84	65	19	243	37	3 422	2 511	376 575	110
2005 ³	72	55	17	199	75	3 862	2 781	496 070	128
2006 ⁴	95	69	26	231	67	3 649	2 948	415 597	113
2007 ⁵	98	74	24	247	52	3 938	3 202	481 990	122
2008 ⁶	86	66	20	312	35	5 648	3 407	635 729	113

¹ Tala inkluderer rapport frå 65 av 65 medlemmer, dessutan rapport frå 18 ikkje-medlemmer. ² Tala inkluderer rapport frå 70 av 70 medlemmer, dessutan rapport frå 11 ikkje-medlemmer gjennom talmateriale frå Norsk scenekunstbruk. ³ Tala inkluderer rapport frå 51 av 77 medlemmer, dessutan rapport frå 21 ikkje-medlemmer gjennom Norsk scenekunstbruk. ⁴ Tala inkluderer rapport frå 82 av 83 medlemmer, dessutan rapport frå 13 ikkje-medlemmer gjennom Norsk scenekunstbruk. ⁵ Tala inkluderer rapport frå 81 av 83 medlemmer, dessutan rapport frå 17 ikkje-medlemmer gjennom Norsk scenekunstbruk. ⁶ Tala inkluderer rapport frå 60 av 88 medlemmer, dessutan rapport frå 26 ikkje-medlemmer gjennom Norsk scenekunstbruk.

Kjelde: Danse- og teatersentrum.

5.4 Norsk scenekunstbruk. Produksjonar. Framsyningar og tilskodarar, etter aldersgrupper. 2000-2008

	Produksjonar	Framsyningar			Tilskodarar		
		I alt	Barn/unge	Ungdom/vaksne	I alt	Barn/unge	Ungdom/vaksne
			0-14 år	15 år og over		0-14 år	15 år og over
2000	..	695	430	265	76 443	47 056	29 387
2001	..	983	795	188	103 774	85 223	18 551
2002	..	..	727	175	87 258	66 818	20 440
2003	..	1 384	1 280	104	135 834	119 980	15 854
2004	53	1 946	1 782	164	190 519	175 471	15 048
2005	53	2 148	2 088	60	222 834	213 502	9 332
2006	57	2 350	2 223	127	228 383	212 637	15 746
2007	68	2 191	1 960	231	211 434	190 028	21 406
2008	65	2 649	2 213	436	243 159	197 869	45 290

Kjelde: Norsk scenekunstbruk.

5.5 Norsk teaterråd. Talet på produksjonar, framsyningar, aktørar og tilskodarar. 2004-2007

	2005				2006				2007			
	Produk- sjonar	Fram- syningar	Aktørar	Til- skodarar	Produk- sjonar	Fram- syningar	Aktørar	Til- skodarar	Produk- sjonar	Fram- syningar	Aktørar	Til- skodarar
AOF Noreg	49	271	1 326	..	41	339	1 697	..	47	244	1 506	62 500
Hålogaland amatørsekskap	194	479	4 150	..	91	331	2 390	69 456	176	2 142	302	40 054
Juvente	1	80	6	20 000	1	165	10	35 000	2	133	6	32 000
Norges bygdeungdomslag	9	11	56	900	7	21	119	2 060	24	33	249	7 741
Norges døveforbund	6	10	45	1 400	..	..	..	..	..	..	..	..
Norges KFUK-KFUM	199	237	3 535	16 100	45	142	5 010	24 418	33	53	1 155	3 465
Noregs ungdomslag	169	447	3 577	59 969	146	532	3 377	56 423	182	463	3 224	57 483
Norsk amatørteaterforbund ...	163	962	6 747	136 126	95	909	4 762	139 380	185	918	5 755	108 469
Norsk frilynt ungdomsforbund	56	183	2 693	39 593	44	410	4 508	115 609	61	61	3 440	89 000
Norsk teaterverksted	450	1 200	21 150	400 000	..	..	..	..	..	..	..	..
4H Norge	507	455	4 758	26 127	630	455	5 566	30 461	447	563	5 171	27 637
Ravn	7	7	376	..	..	..	..	..	9	35	284	9 940
Studieforbundet Solidaritet	..	..	..	..	..	..	..	..	4	5	34	225
Vestlandske teatersenter	..	..	..	..	48	227	1 370	20 856	75	293	1 220	83 100

Kjelde: Norsk teaterråd.

5.6 Frifond teater. Talet på søknader, framsyningar og aktørar. 2004-2008

	Søknader	Innvilga søknader	Framsyningar	Aktørar			
				I alt	0-12 år	13-26 år	27-
2004	711	487	2 844	28 671	5 998	18 379	4 294
2005	659	442	2 636	27 642	5 400	16 924	5 318
2006	573	396	2 292	27 939	5 021	17 230	5 688
2007	580	385	2 402	28 567	6 168	14 256	8 143
2008	656	449	3 006	32 653	7 064	17 809	7 780

Kjelde: Norsk teaterråd.

5.7. Personar som har vore på ballett eller danseframføring, og talet på besøk i gjennomsnitt dei siste 12 månadene, etter kjønn, alder, utdanning, hushaldsinntekt og landsdel. 1997, 2000, 2004 og 2008. Prosent og gjennomsnitt

	Prosent				Besøk i gjennomsnitt			
	1997	2000	2004	2008	1997	2000	2004	2008
Alle personar	8	11	12	13	0,2	0,2	0,3	0,3
Kjønn								
Menn	6	9	9	10	0,1	0,2	0,2	0,2
Kvinner	11	14	15	17	0,2	0,3	0,3	0,3
Alder								
9-15 år	14	16	21	22	0,3	0,5	0,4	0,4
16-24 "	11	16	13	14	0,3	0,5	0,6	0,4
25-44 "	8	11	10	14	0,2	0,2	0,2	0,3
45-66 "	7	10	11	8	0,1	0,2	0,2	0,1
67-79 "	2	3	9	12	0,0	0,0	0,1	0,3
Utdanning								
Ungdomsskole	6	11	6	7	0,1	0,2	0,1	0,2
Vidaregåande skole	5	8	9	10	0,1	0,2	0,2	0,2
Universitet/høgskole, kort	8	7	16	15	0,2	0,1	0,4	0,2
Universitet/høgskole, lang	14	17	17	19	0,2	0,3	0,3	0,5
Hushaldsinntekt								
1. kvartil	6	9	8	10	0,1	0,3	0,3	0,2
2. kvartil	6	7	12	13	0,1	0,1	0,2	0,2
3. kvartil	8	15	11	15	0,2	0,3	0,2	0,3
4. kvartil	13	15	17	19	0,2	0,3	0,3	0,4
Landsdel								
Oslo/Akershus	12	15	16	17	0,3	0,3	0,3	0,4
Austlandet elles	6	10	10	13	0,1	0,2	0,3	0,2
Agder og Rogaland	5	10	8	13	0,1	0,4	0,1	0,3
Vestlandet	8	12	12	10	0,2	0,3	0,2	0,2
Trøndelag	11	10	10	13	0,2	0,1	0,2	0,3
Nord-Noreg	6	11	16	12	0,1	0,2	0,3	0,2

Kjelde: Norsk kulturbarometer 2008, Statistisk sentralbyrå.

5.8. Personar som har vore på opera- eller operetteframsyningar, og talet på besøk i gjennomsnitt dei siste 12 månadene, etter kjønn, alder, utdanning, hushaldsinntekt og landsdel. 1997, 2000, 2004 og 2008. Prosent og gjennomsnitt

	Prosent				Besøk i gjennomsnitt			
	1997	2000	2004	2008	1997	2000	2004	2008
Alle personar	6	6	5	7	0,1	0,1	0,1	0,1
Kjønn								
Menn	4	6	4	5	0,1	0,1	0,1	0,1
Kvinner	7	6	7	8	0,1	0,1	0,1	0,1
Alder								
9-15 år	3	3	3	5	0,1	0,0	0,0	0,1
16-24 "	7	5	3	4	0,1	0,1	0,0	0,1
25-44 "	4	5	3	5	0,1	0,1	0,0	0,1
45-66 "	8	9	9	7	0,1	0,2	0,2	0,1
67-79 "	4	6	9	12	0,1	0,1	0,2	0,3
Utdanning								
Ungdomsskole	3	2	3	2	0,0	0,1	0,0	0,1
Vidaregåande skole	4	4	5	5	0,1	0,0	0,1	0,1
Universitet/høgskole, kort	11	9	8	8	0,3	0,2	0,2	0,1
Universitet/høgskole, lang	12	14	11	17	0,2	0,2	0,2	0,3
Hushaldsinntekt								
1. kvartil	4	4	4	5	0,0	0,0	0,1	0,1
2. kvartil	3	7	6	7	0,1	0,1	0,1	0,1
3. kvartil	4	5	7	7	0,1	0,1	0,1	0,1
4. kvartil	10	8	6	10	0,2	0,1	0,1	0,1
Landsdel								
Oslo/Akershus	11	13	11	11	0,2	0,2	0,2	0,2
Austlandet elles	3	5	4	7	0,0	0,1	0,1	0,1
Agder og Rogaland	2	3	4	2	0,0	0,0	0,1	0,0
Vestlandet	6	4	4	4	0,1	0,1	0,1	0,1
Trøndelag	7	6	2	8	0,1	0,1	0,0	0,1
Nord-Noreg	2	5	5	5	0,1	0,1	0,1	0,1

Kjelde: Norsk kulturbarometer 2008, Statistisk sentralbyrå.

5.9. Personar som har vore på teater, musikal eller revy, og talet på besøk i gjennomsnitt dei siste 12 månadene, etter kjønn, alder, utdanning, hushaldsinntekt og landsdel. 1997, 2000, 2004 og 2008. Prosent og gjennomsnitt

	Prosent				Besøk i gjennomsnitt			
	1997	2000	2004	2008	1997	2000	2004	2008
Alle personar	44	50	49	53	1,1	1,2	1,3	1,4
Kjønn								
Menn	41	44	42	49	1,0	1,0	1,1	1,2
Kvinner	48	57	56	57	1,2	1,3	1,5	1,6
Alder								
9-15 år	47	47	47	54	0,9	0,9	1,2	1,2
16-24 "	50	51	48	54	1,2	1,2	1,6	1,4
25-44 "	46	54	52	55	1,2	1,3	1,1	1,6
45-66 "	46	53	53	55	1,2	1,3	1,6	1,4
67-79 "	23	33	34	41	0,4	0,6	0,9	1,0
Utdanning								
Ungdomsskole	26	39	33	42	0,5	0,8	0,8	0,8
Vidaregåande skole	43	47	45	51	0,9	1,0	1,0	1,3
Universitet/høgskole, kort	53	56	64	60	2,0	1,4	2,2	1,6
Universitet/høgskole, lang	65	67	65	67	1,9	1,9	1,8	2,2
Hushaldsinntekt								
1. kvartil	37	41	37	44	..	0,9	1,0	1,0
2. kvartil	36	46	47	51	..	1,0	1,0	1,3
3. kvartil	43	59	54	59	..	1,3	1,4	1,6
4. kvartil	59	65	58	68	..	1,6	1,7	2,0
Landsdel								
Oslo/Akershus	53	57	56	56	1,5	1,6	1,7	1,6
Austlandet elles	42	48	44	53	0,9	1,0	1,1	1,3
Agder og Rogaland	38	49	43	55	0,8	1,0	1,2	1,3
Vestlandet	44	50	54	49	1,0	1,2	1,2	1,3
Trøndelag	44	50	50	55	1,5	1,2	1,1	1,7
Nord-Noreg	40	46	43	51	0,8	1,0	1,5	1,1

Kjelde: Norsk kulturbarometer 2008, Statistisk sentralbyrå.

5.10. Personar i alderen 9-59 år som har vore på ballett/danseframsyning og talet på besøk dei siste 12 månadene, etter landgruppe, kjønn, alder, hushaldsinntekt, utdanning og bustadstrøk. 2008. Prosent og gjennomsnitt

	Prosent			Besøk i gjennomsnitt		
	Befolkninga i Noreg	Innvandrar-bakgrunn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika, Europa utanom EU/EØS	Innvandrar-bakgrunn ¹ frå EU/EØS, USA, Canada og Australia	Befolkninga i Noreg	Innvandrar-bakgrunn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika, Europa utanom EU/EØS	Innvandrar-bakgrunn ¹ frå EU/EØS, USA, Canada og Australia
Alle	14	14	18	0,3	0,3	0,3
Kjønn						
Menn	10	12	18	0,2	0,2	0,2
Kvinner	18	15	19	0,4	0,4	0,3
Alder						
9-15 år	25	28	:	0,4	0,7	:
16-24 "	11	16	:	0,4	0,4	:
25-44 "	15	12	:	0,3	0,2	:
45-59 "	6	7	:	0,1	0,2	:
Hushaldsinntekt						
0-399 000	10	12	:	0,2	0,2	:
400 000-599 000	12	13	:	0,2	0,2	:
600 000-	17	17	:	0,3	0,4	:
Utdanning						
Grunnskole	8	13	:	0,2	0,3	:
Vidaregåande skole	10	12	:	0,2	0,2	:
Universitet og høgskole	17	11	:	0,3	0,3	:
Bustadstrøk						
Tettbygd under 20 000 og spreittbygd	10	13	:	0,2	0,3	:
Tettbygd 20 000 - 99 000	14	19	:	0,2	0,4	:
Tettbygd 100 000 eller fleire	18	12	:	0,4	0,2	:

¹ Tal for alder, hushaldsinntekt, utdanning og bustadstrøk kan ikkje oppgis fordi talmaterialet er for lite.

Kjelde: Kultur- og mediebruk blant personer med innvandrerbakgrunn 2008, Statistisk sentralbyrå.

5.11. Personar i alderen 9-59 år som har vore på opera/operetteframsyningar, og talet på besøk dei siste 12 månadene, etter landgruppe, kjønn, alder, hushaldsinntekt, utdanning og bustadstrøk. 2008. Prosent og gjennomsnitt

	Prosent			Besøk i gjennomsnitt		
	Befolkninga i Noreg	Innvandrar-bakgrunn ¹ frå Asia, Afrika, Latin-Amerika, Europa utanom EU/EØS	Innvandrar-bakgrunn ¹ frå EU/EØS, USA, Canada og Australia	Befolkninga i Noreg	Innvandrar-bakgrunn ¹ frå Asia, Afrika, Latin-Amerika, Europa utanom EU/EØS	Innvandrar-bakgrunn ¹ frå EU/EØS, USA, Canada og Australia
Alle	5	4	10	0,1	0,1	0,1
Kjønn						
Menn	5	3	5	0,1	0,0	0,0
Kvinner	5	4	14	0,1	0,1	0,2
Alder						
9-15 år	6	8	:	0,1	0,1	:
16-24 "	2	4	:	0,0	0,1	:
25-44 "	5	2	:	0,1	0,0	:
45-59 "	7	4	:	0,1	0,1	:
Hushaldsinntekt						
0-399 000	3	3	:	0,0	0,1	:
400 000-599 000	5	3	:	0,0	0,1	:
600 000-	7	4	:	0,1	0,1	:
Utdanning						
Grunnskole	3	4	:	0,0	0,1	:
Vidaregåande skole	4	2	:	0,0	0,0	:
Universitet og høgskole	13	5	:	0,2	0,1	:
Bustadstrøk						
Tettbygd under 20 000 og spreittbygd	3	3	:	0,0	0,1	:
Tettbygd 20 000 - 99 000	7	4	:	0,1	0,0	:
Tettbygd 100 000 eller fleire	7	4	:	0,1	0,1	:

¹ Tal for alder, hushaldsinntekt, utdanning og bustadstrøk kan ikkje oppgis fordi talmaterialet er for lite.

Kjelde: Kultur- og mediebruk blant personer med innvandrerbakgrunn 2008, Statistisk sentralbyrå.

5.12. Personar i alderen 9-59 år som har vore på teater, musikal eller revy, og talet på besøk dei siste 12 månadene, etter landgruppe, kjønn, alder, hushaldsinntekt, utdanning og bustadstrøk. 2008. Prosent og gjennomsnitt

	Prosent			Besøk i gjennomsnitt		
	Befolkninga i Noreg	Innvandrar-bakgrunn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika, Europa utanom EU/EØS	Innvandrar-bakgrunn ¹ frå EU/EØS, USA, Canada og Australia	Befolkninga i Noreg	Innvandrar-bakgrunn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika, Europa utanom EU/EØS	Innvandrar-bakgrunn ¹ frå EU/EØS, USA, Canada og Australia
Alle	54	30	46	1,5	0,7	1,2
Kjønn						
Menn	49	27	43	1,3	0,6	0,9
Kvinner	59	34	50	1,7	0,8	1,5
Alder						
9-15 år	56	55	:	1,3	1,2	:
16-24 "	45	29	:	1,1	0,7	:
25-44 "	54	27	:	1,6	0,6	:
45-59 "	56	24	:	1,7	0,6	:
Hushaldsinntekt						
0-399 000	48	28	:	1,1	0,7	:
400 000-599 000	47	27	:	1,6	0,5	:
600 000-	61	41	:	1,7	1,0	:
Utdanning						
Grunnskole	40	23	:	0,8	0,6	:
Vidaregåande skole	56	25	:	1,7	0,5	:
Universitet og høgskole	62	41	:	2,1	0,9	:
Bustadstrøk						
Tettbygd under 20 000 og spreittbygd	50	35	:	1,1	0,7	:
Tettbygd 20 000 - 99 000	57	34	:	1,5	0,9	:
Tettbygd 100 000 eller fleire	58	26	:	2,0	0,6	:

¹ Tal for alder, hushaldsinntekt, utdanning og bustadstrøk kan ikkje oppgis fordi talmaterialet er for lite.

Kjelde: Kultur- og mediebruk blant personer med innvandrerbakgrunn 2008, Statistisk sentralbyrå.

6. Musikk


6.1. Nokre resultat

390 000 tilhøyrarar på
konsert

Tabell 6.2 gir ei oversikt over kor og orkester som er medlemmer i Norsk teater- og orkesterforening. Til saman var det nær 390 000 tilhøyrarar på konsertane som desse elleve institusjonane framførte i 2008. Sjølv om det er komen med ein ny institusjon i statistikken er det, samanlikna med 2007, ein nedgang i talet på tilhøyrarar med 66 000, eller 14 prosent. Eit totaltal på konsertar for alle kora og orkestra i denne statistikken er vanskeleg å gi fordi eit orkester ikkje har rapportert dette. I 2008 var det 501 tilhøyrarar per konsert, korrigert for ein institusjon som ikkje har levert tal på konsertar, mot 565 i 2007. Figur 6.1 syner talet på tilhøyrarar per konsert for dei ulike institusjonane.

Nær 90 000 tilhøyrarar var barn og ungdom. Talet på tilhøyrarar i denne gruppa er òg gått ned, men nedgangen rekna i prosent var litt lågare, 12 prosent eller 12 600 tilhøyrarar. Orkestra driv òg omfattande turnéverksemd, men også for denne verksemda er rapporteringa ikkje fullstendig for 2008.

Figur 6.1. Orkester. Tilhøyrarar per konsert. 2005-2008



¹ Talet på konsertar er ikkje rapportert for 2008.
Kjelde: Norsk teater- og orkesterforening.

614 millionar kroner til
musikk frå staten

Tabell 6.1 nedanfor syner at dei statlege utgiftene til musikk i 2008 utgjorde til saman 614,7 millionar kroner, ein auke på om lag 8 prosent frå 2007. Sidan 2000 har dei statlege utgiftene til musikk stige med 270 millionar kroner. I tillegg til dei to nasjonale institusjonane, Oslo-Filharmonien og Stiftelsen Harmonien, blei det gitt tilskot til fem region- og landsdelsinstitusjonar og ti knutepunktinstitusjonar. I 2008 blei det innvilga statleg driftstilskot til to nye knutepunktfestivalar Øyafestivalen og Stiftelsen Horisont/Mela, jf. kap. 7, festivalar. Rikskonsertane, Landsdelsmusikerordningen i Nord-Norge og ymse faste tiltak får òg statlege tilskot.

6.1. Statlege utgifter til musikk. Rekneskap. 2000-2008. 1 000 kroner

2000	344 301
2001	392 101
2002	390 554
2003	428 231
2004	464 633
2005	491 863
2006	517 871
2007	570 852
2008	614 729
Orkester og musikk institusjonar	
Rikskonsertane	137 465
Oslo-Filharmonien	99 265
Stiftelsen Harmonien	86 171
Trondheim Symfoniorkester	48 447
Stavanger Symfoniorkester	45 898
Kristiansand Symfoniorkester	33 063
Tromsø Symfoniorkester	12 396
Det Norske Blåseensemble	16 986
Landsdelsmusikerordningen i Nord-Norge	14 163
Festspillene i Bergen	15 530
Festspillene i Nord-Norge	10 835
Molde International Jazz Festival	4 567
Førde Internasjonale Folkemusikkfestival	3 228
Olavsfestdagene i Trondheim	6 309
Ultima - Oslo Contemporary Music Festival	3 789
Festspillene i Elverum	1 732
Notodden Blues Festival	1 565
Øyafestivalen	1 565
Stiftelsen Horisont/Mela	3 000
Ymse faste tiltak	68 755


Kjelde: Kultur- og kyrkjedepartementet.

**Nær 10 000 konsertar i
Rikskonsertane**

Aktiviteten til Rikskonsertane i 2008 har vore litt lågare enn dei to føregåande åra. Nær 1,3 millionar tilhøyrarar var til stades på nær 10 000 konsertar som Rikskonsertane heldt i 2008. Det var arrangert 465 færre konsertar i høve til 2007, men så var aktiviteten i fjor den høgaste på mange år. Besøkstalet syner ein nedgang på 1 prosent i 2008 samanlikna med 2007. Ser ein bort frå siste året, har både talet på konsertar og tilhøyrarar i regi av Rikskonsertane auka kvart år sidan 2000. 93 prosent av tilhøyrarane var til stades på skolekonsertar. Akershus og Rogaland hadde flest tilhøyrarar på Rikskonsertane i 2008. Tabellane 6.4 og 6.5 gir fleire tal for verksemda til Rikskonsertane.


**Medlemsorganisasjonar i
norsk musikkliv**

- Norsk musikkråd. Totalt medlemstal i dei ulike organisasjonane som er medlemmer i Norsk musikkråd, har halde seg stabilt dei siste åra. I 2007 blei det registrert ein nedgang på om lag 5 000 medlemmer, mens talet på medlemmer tok seg noko opp att med 1 600 til nær 138 000 medlemmer i 2008. I Norsk Rockforbund, som er den største medlemsorganisasjonen med 43 000 medlemmer, har talet på medlemmer halde seg stabilt det siste året, etter ein nedgang frå 2006 til 2007. Musikk i Skolen auka med 1 300 medlemmer frå 2007. Sidan 2001 har Musikk i Skolen etablert seg som ein stor organisasjon, frå 1 000 medlemmer i 2001 til 14 500 medlemmer i 2008. Organisasjonen BandORG som blei medlem i Norsk musikkråd i 2007 har hatt den største auken i prosent frå 2007 på 42 prosent og tel 1 600 medlemmer i 2008. Jf. tabell 6.6.
- Totalt tal på medlemmer i Norges Musikkorps Forbund tel 66 400 medlemmer i 2008. Det er litt færre medlemmer enn i 2007. Etter ein auke i talet på medlemmer i 2003 og 2004, er det no fjerde året på rad at det er nedgang. Nedgangen finn ein både i talet på korps og i talet på medlemmer, frå 2007 er nedgangen respektive 9 korps og 800 medlemmer. Det er talet på utøvande medlemmer som går nedover, mens talet på andre medlemmer aukar. Totalt er det 1 400 færre utøvande medlemmer i 2008 samanlikna med 2007, 1 250 av desse er medlemmer i skolekorps/generasjonskorps. Totalt har dei 1 107 skolekorpsa 45 500 medlemmer i 2008. Dei 589 amatørkorpsa har 20 800 medlemmer. Sjå figur 6.2 og tabell 6.7.

Figur 6.2. Medlemmer i Norges Musikkorps Forbund. 1999-2008

Kjelde: Norges Musikkorps Forbund.

- Norges Korforbund. 28 500 var medlemmer i Norges Korforbund i 2008. Talet på kor gjekk noko attende frå 2008, medan talet på medlemmer har auka siste året med 185. Både blandakora, mannskora og damekora har teke del i auken. I 2008 var til saman 971 kor registrerte, og det utgjer 15 færre enn i 2007. Sidan 2001 er det berre damekora som har fått fleire medlemmer, medan blandakora har tapt over 3 500 medlemmer.

Figur 6.3. Norges Korforbund. Talet på kormedlemmer¹, etter krins. 2008. Prosent¹Dirigentar ikkje medrekna.


Kjelde: Norges Korforbund.

109 000 elevar i kommunale
kultur- og musikkskolar

KOSTRA gir talet på elevar og utgifter for dei kommunale kultur- og musikkskolane. KOSTRA-tala syner at i 2008 hadde 109 000 elevar plass i kultur- og musikkskolane. Dette var 1 800 fleire elevar, eller 2 prosent auke, samanlikna med 2007. I 2008 nytta 17,6 prosent av primærmålgruppa (innbyggjarar i alderen

6-15 år) dette tilbudet. I Nord-Trøndelag hadde 26 prosent av 6-15 åringane plass i kommunane sine kultur- og musikkskolar. Rekneskapane frå kommunane viser at netto driftsutgifter til kultur- og musikkskolane ligg på over ein milliard kroner i 2008, ein auke på over 8 prosent frå 2007. For fleire detaljar om kultur- og musikkskolar, sjå tabell 6.9 og kapittel 1.3, tabell 1.3.2.

Figur 6.4. Elevar i kommunale kultur- og musikkskolar, etter fylke. 2005-2008



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

62 prosent på ein konsert siste 12 månader i 2008

Tal frå Kultur- og mediebruksundersøkinga 2008 syner at 62 prosent av befolkninga hadde vore på ein konsert dei siste 12 månadene. I 2004 var prosenten 61. Kulturbruksundersøkinga skil ikkje lenger på type konsert så det kan vere alt frå pop/rock til klassisk konsert. Like mange menn og kvinner gjekk på konsert. Det ser ut til at flest unge i alderen 16-24 år går på konsert, 73 prosent, i 2008. Det er ein liten auke i forhold til kulturbruksundersøkinga i 2004. Nesten halvparten av personane i den eldste aldersgruppa, 69-79 år, hadde vore på konsert i 2008. Dei med høg utdanning gjekk mest på konsertar, og folk i Trøndelag har vore flinkast til å bruke konserttilboda. Fleire resultat frå undersøkinga finn ein i tabell 6.10.

49 prosent med innvandrarbakgrunn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Europa utanom EU på konsert siste 12 månader i 2008

Tal frå eit tilleggssutval til Kultur- og mediebruksundersøkinga 2008 blant personar med innvandrarbakgrunn, syner at 49 prosent av 9-59-åringar med innvandrarbakgrunn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Europa utanom EU hadde vore på konsert siste 12 månader i 2008, mot 63 prosent blant befolkninga i Noreg i same aldersgruppe. I begge gruppene er menn flinkast til å gå på konsertar, og i begge gruppene er det personar i alderen 16-24 år som helst nyttar konserttilboda. Blant innvandrarar frå EU, USA, Canada og Australia hadde 62 prosent vore på konsert siste 12 månader. Fleire resultat frå undersøkinga finn ein i tabell 6.11.

6.2. Om statistikken – ulike organisasjonar i musikklivet

Norsk teater- og orkesterforening (NTO)

NTO, jf. avsnitt 5.2, er ein arbeidsgivar- og interesseorganisasjon for profesjonell musikk og scenekunst. NTO har 42 medlemmer innanfor teater, dans, opera og orkestermusikk. I 2008 er det elleve medlemmer innanfor musikk. Medlemmene

representerer nasjonale institusjonar, region-/landsdelsinstitusjonar og produserande musikkensemble. Som arbeidsgivarorganisasjon sluttar NTO avtaler med og/eller hjelper medlemmene sine i forhandlingar med ei rekkje arbeidstakarorganisasjonar. (Norsk teater- og orkesterforening, www.nto.no). Tala kan ikkje heilt samanliknast frå år til år då medlemstalet i NTO nesten kvart år har auka. I 2008 er det komen til ein ny institusjon, Riksscenen, i tabell 6.2.

Rikskonsertane Rikskonsertane skal formidle konsertar som er produserte internt eller eksternt i samarbeid med utøvarar og aktørar innanfor norsk og internasjonalt musikkliv. Rikskonsertane har eit spesielt ansvar for norske musikk- og utøvartradisjonar. Rikskonsertane har i samarbeid med fylkeskommunane ansvaret for skolekonsertordninga. Alle kommunar får tilbod om skolekonsertar for sine grunnskoleelevar. Rikskonsertane er både produsent og leverandør av konsertar innanfor alle musikksgjangerar til konsertarrangørar over heile landet.

Norsk musikkråd (NMR) Norsk musikkråd er eit samarbeidsnettverk og ein interesseorganisasjon for norsk musikkliv. Norsk musikkråd blei oppretta i 1976 og har blant anna som oppgåve å koordinere og initiere fagleg og organisatorisk samarbeid innan musikklivet, lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt og koordinere og initiere interessepolitisk samarbeid for musikklivet. I 2008 hadde organisasjonen 33 ulike landsomfattande musikkorganisasjonar (Norsk Musikkråd, 2009). Tre av desse organisasjonane er assosierte medlemmer i Norsk musikkråd. I 2008 hadde Norsk musikkråd 137 925 medlemmer.

Norges Musikkorps Forbund (NMF) Norges Musikkorps Forbunde, NMF, blei stifta i 1918. NMF er ein landsomfattande, demokratisk musikkorganisasjon for musikantar og andre interesserte som er tekne opp som medlemmer gjennom musikk- og drillkorps. NMF er inndelt i regionar og krinsar. Denne inndelinga følgjar dei grensene som landsmøtet vedtek. (NMFs vedtekter, <http://www.musikkorps.no>, 2009). I 2008 blei krinsane slått saman til større regionar.

Norges Korforbund Norges Korforbund er ein landsomfattande interesseorganisasjon for kor og kordirigentar med om lag 1 000 kor. Verksemda til Norges Korforbund er tufta på frivillig medverknad. Det overordna målet til Norges Korforbund er å gjere korsangen meir kjend og auke kvaliteten. Gjennom Norges Korforbund har kora tilgang på ei rekkje opplæringstilbod, både for koristar, dirigentar og tillitsvalde (<http://www.kor.no>).

Kulturbruksundersøkingane Statistisk sentralbyrå gjennomfører kvart fjerde år ei utvalsundersøking, der folk i alderen 9-79 år blir spurde om bruken av ulike kulturtilbod. Siste tilgjengelege resultat er publisert i Norsk kulturbarometer 2008. Data i tabellen 6.10 er henta frå desse undersøkingane. I tidlegare kulturbruksundersøkingar har det vore stilt to spørsmål om ulike konserttypar. Frå og med 2008 blir det stilt spørsmål om konsertar under eitt, ikkje todelt som tidlegare. Termen *kvartil* representerer om lag ein fjerdedel av utvalet i undersøkinga i kvar gruppe. Talet i kvar gruppe vil variere noko frå år til år.

Tala i tabell 6.11 viser resultat frå ei intervjuundersøking om kulturvanar blant personar med innvandrarbakgrunn i alderen 9-59 år. Tala i denne tabellen viser del personar med innvandrarbakgrunn som har vore på konsert og kor mange gonger dei har vore på konsert siste 12 månader i 2008. Denne undersøkinga var ei tilleggsundersøking til kulturbruksundersøkinga nemnd over, og intervjuar blei utførte samstundes.

Referansar:

Norsk teater- og orkesterforening, <http://www.nton.no>
Rikskonsertane, Årsrapport 2008
Norsk musikkråd, <http://www.musikk.no>
Norges Musikkorps Forbund, <http://www.musikkorps.no>
Norges Korforbund, <http://www.kor.no>

Nyttige Internett-adresser:

Kulturstatistikk 2007: http://www.ssb.no/emner/07/nos_kultur/
Norsk kulturbarometer 2008: <http://www.ssb.no/kulturbar/>
Kultur- og mediebruk blant personar med innvandrarbakgrunn:
http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp_200929/
Norsk teater- og orkesterforening: <http://www.nton.no/>
Rikskonsertene: <http://www.rikskonsertene.no/>
Kultur- og kyrkjedepartementet: <http://www.regjeringen.no>
Norges Musikkorps Forbund: <http://www.musikkorps.no/>
Norges Korforbund: <http://www.kor.no/>
Norsk musikkråd: <http://www.musikk.no>

6.2. Kor og orkester. Konsertar, turnékonserter og tilhøyrarar. 2003-2008

Orkester	Konsertar		Tilhøyrarar		Tilhøyrarar per konsert		Turné-konsertar ¹	
	I alt	Av dette for barn og ungdom	I alt	Av dette for barn og ungdom	I alt	Av dette for barn og ungdom	Turnékonserter i alt	Tilhøyrarar
2003	568	134	333 103	71 197	586	531	103	57 269
2004	696	179	368 159	96 099	529	537	¹ 192	67 727
2005 ²	692	151	509 873	84 879	737	562	¹ 200	111 713
2006	717	154	400 790	78 260	559	508	¹ 144	58 351
2007	770	175	455 156	101 905	591	582	¹ 155	105 566
2008 ⁴	759	216	389 572	89 282	513	413	100	63 846
2008								
Bit 20 ensemble ³	19	..	11 013	8 239	580	..	-	-
Det Norske Blåseensemble ³	74	23	12 340	4 200	167	183	6	2 089
Det Norske kammerorkester ⁴	..	-	16 229	-	..	-	..	9 264
Det Norske Solistkor	..	-	10 694	-	-	-	-	-
Kristiansand Symfoniorkester ..	172	78	32 110	7 265	187	93	22	4 423
Oslo-Filharmonien	89	5	90 000	8 000	1 011	1 600	13	16 300
Riksscenen ⁵	14	-	992	-	71	-	-	-
Stavanger Symfoniorkester	126	26	68 890	17 743	547	682	11	3 384
Stiftelsen Harmonien	90	24	80 153	15 952	891	665	18	16 919
Tromsø Symfoniorkester	65	6	12 006	2 476	185	413	9	1 001
Trondheim Symfoniorkester	110	54	55 145	25 407	501	471	21	10 466

¹ Medrekna konsertar i utlandet. ² Publikum på billetterte arrangement i Oslo-Filharmonien var 87 275 i 2005. ³ Ny i statistikken frå og med 2004. ⁴ Ny i statistikken frå og med 2005. ⁵ Ny i statistikken frå og med 2008.

Kjelde: Norsk teater- og orkesterforening.

6.3. Orkester. Inntekter og utgifter. 2003-2008. 1 000 kroner

Orkester	Inntekter i alt	Statstilskot	Regionale tilskot	Andre inntekter	Andre inntekter i prosent av inntekter i alt	Driftsutgifter
2003	347 867	254 485	48 146	45 236	13,0	-
2004	363 912	262 200	47 414	54 298	14,9	-
2005	398 860	285 795	54 337	58 728	14,7	-
2006 ¹	429 999	302 088	59 063	68 848	16,0	-
2007 ⁴	469 416	321 050	62 139	86 288	18,4	477 288
2008 ⁴	494 418	347 665	67 588	79 165	16,0	493 438
2008						
Det norske Blåseensemble ³	25 210	16 986	7 280	944	3,7	25 236
Det Norske Kammerorkester	12 073	5 439	400	6 234	51,6	12 641
Kristiansand Symfoniorkester ³ ..	50 498	33 063	14 170	3 265	6,5	51 448
Oslo Filharmonien ²	129 292	99 265	-	30 027	23,2	130 146
Stavanger Symfoniorkester	82 189	45 898	19 671	16 620	20,2	77 380
Stiftelsen Harmonien	100 028	86 171	-	13 857	13,9	103 137
Tromsø Symfoniorkester	19 694	12 396	5 313	1 985	10,1	19 675
Trondheim Symfoniorkester	75 434	48 447	20 754	6 233	8,3	75 775

¹ To nye orkester. ² Inkl. både Stiftelsen Oslo-Filharmonien og Støttefondet for Filharmonien. ³ Inkl. tilskot til drift frå Forsvarsdepartementet. ⁴ Eit orkester har ikkje levert tal og er ikkje med i oversikta.

Kjelde: Kultur- og kyrkjedepartementet og dei enkelte orkestra.

6.4. Rikskonsertane. Talet på konsertar og tilhøyrarar, etter konserttype og fylke. 2000-2008

	Konsertar	Tilhøyrarar	Tilhøyrarar i gjennomsnitt per konsert
2000	7 177	766 577	107
2001	7 720	818 093	106
2002	7 606	816 582	107
2003	7 727	835 641	108
2004	8 911	1 002 982	113
2005	9 436	1 175 453	125
2006	9 624	1 305 479	136
2007	10 114	1 306 335	129
2008	9 649	1 291 561	134
Konserttype			
Skolekonsertar	8 671	1 201 412	139
Barnehagekonsertar	645	28 072	44
Offentlege konsertar	333	62 077	186
Østfold	494	71 025	144
Akershus	785	145 325	185
Oslo	619	118 803	192
Hedmark	396	48 562	123
Oppland	475	54 956	116
Buskerud	516	68 138	132
Vestfold	356	60 572	170
Telemark	456	48 352	106
Aust-Agder	263	32 772	125
Vest-Agder	403	47 786	119
Rogaland	829	127 458	154
Hordaland	986	117 798	119
Sogn og Fjordane	325	34 273	105
Møre og Romsdal	564	71 384	127
Sør-Trøndelag	510	74 299	146
Nord-Trøndelag	349	40 149	115
Nordland	605	64 999	107
Troms Romsa	488	43 839	90
Finnmark Finnmarku	230	21 071	92
Svalbard	-	-	-

Kjelde: Rikskonsertane.

6.5. Rikskonsertane. Tilhøyrarar, etter konserttype og fylke. 2008

	Tilhøyrarar i alt	Skole- konsertar	Barnehage- konsertar	Offentlege konsertar
Heile landet	1 291 561	1 201 412	28 072	62 077
Østfold	71 025	67 870	1 142	2 013
Akershus	145 325	142 926	-	2 399
Oslo	118 803	101 760	-	17 043
Hedmark	48 562	46 532	684	1 346
Oppland	54 956	45 770	8 000	1 186
Buskerud	68 138	63 470	2 347	2 321
Vestfold	60 572	57 698	-	2 874
Telemark	48 352	41 754	3 970	2 628
Aust-Agder	32 772	28 298	2 400	2 074
Vest-Agder	47 786	45 492	1 000	1 294
Rogaland	127 458	115 862	3 529	8 067
Hordaland	117 798	115 932	-	1 866
Sogn og Fjordane	34 273	30 080	2 400	1 793
Møre og Romsdal	71 384	66 666	-	4 718
Sør-Trøndelag	74 299	71 190	-	3 109
Nord-Trøndelag	40 149	35 902	2 600	1 647
Nordland	64 999	63 094	-	1 905
Troms Romsa	43 839	41 078	-	2 761
Finnmark Finnmarku	21 071	20 038	-	1 033
Svalbard	-	-	-	-

Kjelde: Rikskonsertane.

6.6. Norsk musikkråd. Talet på medlemmer i dei ulike medlemsorganisasjonane. 2001-2008

Medlemsorganisasjonar	Talet på medlemmer							
	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Medlemmer i alt	100 924	102 793	126 268	141 283	141 751	141 483	136 327	137 925
AKKS Norge	467	467	665	798	628	803	833	822
BandORG ⁴	-	-	-	-	-	-	927	1 602
De Unges Orkesterforbund ³	3 217	3 357	3 438	3 817	3 923	3 793	3 705	3 818
Foreningen Musikk fra livets begynnelse	551	545	516	526	553	532	512	500
Foreningen Norske Kordirigenter	350	400	142	314	302	358	401	525
GramArt ¹	1 900	1 750	1 701	1 913	-	-	-	-
Korpsnett Norge	1 549	1 723	1 854	2 031	1 994	2 123	2 212	2 264
Landsforbundet Dissimilis	650	817	746	746	825	825	726	770
Landslaget for Spelemenn	5 173	5 193	4 938	5 154	5 232	5 145	5 205	4 594
Musikk i Skolen	1 000	1 200	1 471	13 393	14 175	13 160	13 200	14 520
Musikkens Venners Landsforbund	4 035	4 339	4 425	4 497	4 442	4 332	3 924	3 921
Norges Barne- og Ungdomskorforbund	6 632	7 782	7 626	7 914	8 000	7 556	8 545	9 218
Norges Kirkesangerforbund	3 084	3 500	3 500	3 700	3 700	3 700	3 800	3 350
Norsk Country-Musikk forbund	2 696	2 700	3 867	3 537	3 516	3 516	3 596	3 548
Norsk Festivalsangerforbund	1 118	1 084	1 021	1 044	1 003	920	930	854
Norsk forening for musikkterapi	233	232	230	256	278	285	291	301
Norsk jazzforum	10 019	10 070	10 200	10 550	11 300	11 690	11 910	12 025
Norsk Kammermusikkforbund	115	117	112	114	130	120	117	124
Norsk Mandolin- og Balalaikaorkesterforbund	95	90	92	92	100	84	79	71
Norsk Munnspeilforum	52	52	59	63	68	71	76	77
Norsk musikkbibliotekforening	81	82	80	82	82	84	85	86
Norsk Rockforbund	33 911	30 435	51 282	51 500	51 500	51 500	43 085	43 085
Norsk Sangerforbund ²	1 940	1 755	1 870	1 850	1 640	1 779	1 670	1 651
Norsk sangerforum	3 600	5 400	5 625	6 166	6 544	6 632	7 525	7 439
Norsk Viseforum	1 477	1 094	1 498	1 400	1 500	1 820	2 500	2 235
Norsk Suzukiforbund	..	111	144	189	172	209	170	160
Norske Musikk læreres Landsforbund	390	383	381	366	360	360	356	329
Norske Symfoni-Orkestres Landsforbund	2 400	2 400	2 300	2 300	2 300	2 200	2 200	2 200
Norske Trekkspilleres Landsforbund	3 638	3 592	3 564	3 270	3 154	3 215	3 258	3 163
Rytmask Musikkforum	160	97	114	116	120	120	110	110
Ung Kirkesang	4 339	5 096	5 943	6 527	6 975	7 084	7 026	6 985
Assosierte medlemmer i Norsk musikkråd (NMR)								
Kulturforbundet	..	600	390	335	449	449	363	383
Universitet og høgskole	65	66	:	2,0	1,6	:
Bustadstrøk						
Tettbygd under 20 000 og spreittbygd	50	55	:	5,2	6,6	:
Tettbygd 20 000 - 99 000	50	67	:	5,1	10,0	:
Tettbygd 100 000 eller fleire	53	55	:	4,5	10,2	:

¹ Tal for alder, hushaldsinntekt, utdanning og bustadstrøk kan ikkje oppgis fordi talmaterialet er for lite.

Kjelde: Kultur- og mediebruk blant personer med innvandrerbakgrunn 2008, Statistisk sentralbyrå.


10. Arkivverket

10.1. Nokre resultat

55 000 utleverte arkivstykke

Nær 55 000 arkivstykke blei utleverte ved dei norske arkivinstitusjonane i 2008. Totalt har talet på årleg utleverte arkivstykke stige jamt sidan 2005. Siste året har auken vore på nær 1 300 arkivstykke alle arkiva sett under eitt. Statsarkivet i Kristiansand har hatt den største auken i utleverte arkivstykke med over 1 300 eller 50 prosent. Riksarkivet og Statsarkivet i Oslo utleverte over halvparten av arkivstykkene registrert i statistikken i 2008, med 29 000 arkivstykke. Siste året var auken på nær 1 200 arkivstykke hos Riksarkivet/Statsarkivet. Til samanlikning var det 10 000 fleire utleverte arkivstykke enn i 2005. Dei andre statsarkiva, bortsett frå Statsarkivet i Kongsberg, har hatt nedgang i utleverte arkivstykke siste året. Jf. tabell 10.1 og figur 10.1. Statistikken over utleverte arkivstykke viser at denne aktiviteten har stabilisert seg på godt over 50 000 dei siste tre åra.

Figur 10.1. Lesesalbesøk og utleverte arkivstykke på lesesalane. 1998-2008




Kjelde: Riksarkivet.

18 500 lesesalbesøk ved dei statlege arkiva


I 2008 blei det totalt registrert 18 500 lesesalbesøk ved Riksarkivet og statsarkiva i Noreg. Det er vanskeleg å samanlikne totaltalet på lesesalbesøk med tidlegare år då nokre av arkiva har gjort endringar i teljemetode frå tidlegare år, jf. kap. 10.2. Det kan likevel sjå ut som dei fleste arkiva har hatt nedgang i lesesalbesøka.

Utlån til arkivinstitusjonar og andre institusjonar

Statistikken frå Arkivverket syner òg korleis utlånsaktiviteten til andre arkivinstitusjonar og til ulike andre institusjonar er. Totalt blei det lånt ut 750 arkivstykke i 2008, 117 fleire enn i 2007. Utlåna til andre arkivinstitusjonar har auka jamn på heile 2000-talet. Statsarkivet i Stavanger har hatt stor auke i utlåna til andre institusjonar også i 2008.

Figur 10.2. Riksarkivet. Utlån til andre arkivinstitusjonar og andre institusjonar. 1998-2008

Kjelde: Riksarkivet.

Figur 10.3. Statsarkiva. Utlån til andre arkivinstitusjonar. 1998-2008¹ Tala er samorganiserte med Riksarkivet

Kjelde: Riksarkivet.

Digitalarkivet

Statistikk frå Digitalarkivet syner at aktiviteten ved denne institusjonen er raskt aukande. Sidan opninga av Digitalarkivet i 1998, jf. kap. 10.2, har totaltalet på søk/nedlastingar frå databasen auka frå 9 millionar til nær 180 millionar sider i 2008. Frå hausten 2005 har det vore mogeleg å søkje på/laste ned skanna kyrkjebøker. Nedlastinga av kyrkjebøker har nesten tredobla seg på dei tre åra denne tenesta har vore tilgjengeleg. Kyrkjebøkene er mikrofilma for deretter å bli skanna i Riksarkivet (Årsrapport for Digitalarkivet for 2008). Sjå figur 10.4 og tabellane 10.3 og 10.4.

I 2008 vart det òg opna eit søkjesystem for skanna tinglysingsdokument. Dette tilbodet har vore nytta til om lag 2,5 millionar nedlastingar. I tillegg kan Digitalarkivet tilby andre tenester som Digitalpensjonatet og ulike debattforum. Det er også mogeleg å laste ned digitale bøker. Digitalarkivet hadde i alt 291 webbkøker ved utgangen av 2008.

Figur 10.4. Digitalarkivet. Talet på søk/nedlastingar. 1998-2008. Millionar



¹ Starta våren 2008.

Kjelde: Digitalarkivet.

10.2. Om statistikken - Arkivstatistikk

Kjelder

Kjelder til arkivmaterialet er materiale frå den sentrale forvaltninga som blir oppbevart i Riksarkivet, og materiale frå den regionale og lokale forvaltninga som blir tekne vare på av statsarkiva. Andre kjelder er arkivmateriale frå bedrifter, organisasjonar og enkeltpersonar. Døme på kjelder i Arkivverket er tradisjonelt arkivmateriale, tekstleg og papirbasert (til dømes protokoll eller mappe med enkeltdokument), biletmateriale i form av kart, teikningar og fotografi, samling av segl og nyare arkivmateriale som lydopptak, video og andre former for multimedia (Riksarkivet).

Arkivstykke

Arkivstykke er eit samleomgrep for bind, eske, kapsel, kassett, perm eller andre einingar som inneheld arkiveringar.

Arkivverket

Arkivverket består av Riksarkivet, åtte statsarkiv og Samisk arkiv. Riksarkivaren er leiar både for Riksarkivet og heile Arkivverket. I Arkivverket finn ein også Digitalarkivet, som er ein felles inngang til edb-registrert arkivmateriale i Riksarkivet og statsarkiva.

Riksarkivet

Riksarkivet har ansvaret for arkiva etter den statlege sentraladministrasjonen, altså departement og direktorat mv., i tillegg til Høgsterett. Desse statsinstitusjonane har plikt til å levere arkiva sine til Riksarkivet når arkivsaker er blitt 25 år og har gått ut av administrativ bruk. Riksarkivet tek også vare på viktige arkiv etter privatpersonar og etter private verksemdar som bedrifter og organisasjonar. Riksarkivet blei oppretta i 1817.

Riksarkivet stiller arkivmaterialet til disposisjon for publikum på lesesalen. Riksarkivet er både eit forvaltingsorgan og ein vitskapeleg basert kulturverninstitusjon.

Statsarkiva

Statsarkiva tek vare på arkiv etter lokale og regionale statlege verksemdar, og private arkiv frå bedrifter, organisasjonar og enkeltpersonar. Det finst statsarkiv i Hamar, Oslo, Kongsberg, Kristiansand, Stavanger, Bergen, Trondheim og Tromsø. Statsarkivet i Trondheim har i 2008 endra teljemåte for besøka. I 2007 skilde dei ikkje på besøk til dei ulike institusjonane som var samlokaliserte. I 2008 tel dei ikkje lesesalbesøk, men berre aktive lånarar.

Samisk arkiv

Samisk arkiv rapporterte til Arkivverket for første gong i 2005. Riksarkivaren tok frå 1. januar 2005 over forvaltningsansvaret for Samisk arkiv. Samisk arkiv har eit spesielt ansvar for samiske privatarkiv.

Digitalarkivet

Digitalarkivet er ein nettstad underlagd Riksarkivaren. Denne nettstaden vart etablert som eit resultat av samarbeid mellom Historisk institutt, Universitetet i Bergen og Statsarkivet i Bergen, og opna 23. januar 1998 på Internett. Trafikken har vore aukande.

Gjennom Digitalarkivet tek Riksarkivaren sikte på å gjere eit vidt spekter av historiske kjelder tilgjengelege for søk gjennom Internett. Digitalarkivet skal vere Arkivverket sin portal for utlegging av digitaliserte kjelder, og for å formidle informasjon frå Arkivverket. Informasjonen som blir lagd ut for søk, skal vere kvalitetssikra (<http://www.digitalarkivet.no.2008>).

Arkivstatistikk

Tala i tabell 10.5 er henta frå den nyoppretta arkivstatistikken som ABM-utvikling – Statens senter for arkiv, bibliotek og museum for første gong publiserte i 2009. Arkivstatistikken for 2008 er den første landsdekkjande statistikken, og omfattar i 138 institusjonar som bevarer arkiv. Desse er både reine arkivfaglege institusjonar, museum og andre som tek vare på arkiv. Alle opplysningar om arkivtilfang gjeld arkivdokument (unike dokument i offentlege og private arkiv, jf. definisjonar i Lov om arkiv) og omfattar ikkje publikasjonar som vert pliktavleverte (ABM-skrift #57, ABM-utvilking).

Arkivlova

Lov av 4. desember 1992 nr. 126 om arkiv, i daglegtale kalla arkivlova, er ei generell lov for alle typar offentlege arkiv. Lova har også reglar for bevaring av private arkiv. Ho tok til å gjelde frå 1. januar 1999. Arkivlova har som formål å sikre arkiv som har stor verdi for kultur og forskning eller som inneheld rettsleg eller viktig forvaltningsmessig dokumentasjon, slik at desse kan bli tekne vare på og gjorde tilgjengelege for ettertida. (Riksarkivet.).

Referanse:

Arkivverket: <http://www.arkivverket.no>

Årsrapport for Digitalarkivet for 2008

Digitalarkivet: <http://www.digitalarkivet.no.2008>

ABM-skrift #57, ABM-utvilking – Statens senter for arkiv, bibliotek og museum
<http://www.abm-utvikling.no/>

10.1. Lesesalbesøk og utleverte arkivstykke¹ på lesesalen. 1998-2008

	2001		2002		2003		2004		2005		2006		2007		2008	
	Besøk	Arkiv- stykke	Besøk	Arkiv- stykke	Besøk	Arkiv- stykke	Besøk	Arkiv- stykke	Besøk	Arkiv- stykke	Besøk	Arkiv- stykke	Besøk	Arkiv- stykke	Besøk	Arkiv- stykke
I alt	33 108	47 757	31 663	51 778	31 678	47 881	27 624	49 489	21 927	45 779	24 984	50 119	26 443	53 369	18 553	54 650
Riksarkivet og Statsarkivet i Oslo	13 512	21 705	12 921	24 432	13 351	21 531	9 107	22 395	4 451	19 291	9 117	22 462	8 843	27 886	7 424	29 062
Statsarkivet i Hamar	2 912	2 668	2 686	2 515	2 477	2 402	2 510	2 593	2 476	2 643	2 259	2 662	1 923	2 465	1 451	2 098
Statsarkivet i Kongsberg ...	2 007	3 807	2 061	3 444	1 834	3 242	1 991	3 795	2 141	3 509	1 962	3 618	1 398	3 734	1 509	4 147
Statsarkivet i Kristiansand	2 137	3 036	1 923	3 869	1 958	4 283	1 958	4 283	1 767	3 359	1 671	3 630	1 275	2 651	1 376	3 986
Statsarkivet i Stavanger	2 390	1 852	2 665	1 623	2 528	1 342	2 528	1 342	2 650	2 800	2 567	4 205	2 085	2 417	1 730	2 345
Statsarkivet i Bergen	3 583	3 982	3 161	3 464	3 201	4 232	3 201	4 232	2 599	3 592	2 331	3 537	1 970	2 830	1 707	2 655
Statsarkivet i Trondheim ...	4 614	8 302	4 291	8 885	4 599	8 627	4 599	8 627	4 218	8 184	3 631	7 733	7 694	8 864	2 125	7 689
Statsarkivet i Tromsø	1 953	2 405	1 955	3 546	1 730	2 222	1 730	2 222	1 575	2 276	1 411	2 113	1 230	2 385	1 205	2 468
Samisk arkiv.	..	..	..	..	..	..	..	..	50	125	35	159	25	137	26	200

¹ Arkivstykke er eit samanfattande omgrep for bind, kapsel, kasett, perm eller andre einingar som inneheld arkiveiningar.

Kjelde: Riksarkivet.

10.2. Utlån til andre arkivinstitusjonar og andre institusjonar. 2001-2008

	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
I alt	229	257	244	255	270	408	633	750
Riksarkivet	89	125	134	137	114	266	367	348
Statsarkivet i Oslo	31	17	4	8	6	5	4	1
Statsarkivet i Hamar	12	12	12	11	23	21	17	18
Statsarkivet i Kongsberg	9	2	3	8	3	4	7	7
Statsarkivet i Kristiansand	18	18	22	22	12	23	26	21
Statsarkivet i Stavanger	40	31	35	35	32	30	147	250
Statsarkivet i Bergen	17	13	9	9	14	8	12	38
Statsarkivet i Trondheim	7	31	11	11	21	16	10	-
Statsarkivet i Tromsø	6	8	14	14	45	35	43	68

¹ Tala er samorganiserte med Riksarkivet.

Kjelde: Riksarkivet.

10.3. Digitalarkivet. Talet på søk/nedlastingar. 1998-2008. Millionar

	Totalt tal på nedlasta sider frå databasar og skanna kjelder	Talet på søk (nedlastingar) frå Digitalarkivet	Søk av skanna kyrkjebøker. Talet på nedlasta sider	Søk av skanna tinglygsingsdokument. Talet på nedlasta sider ¹
1998	8,8	8,8	..	..
1999	22,5	22,5	..	..
2000	23,7	23,7	..	..
2001	37,5	37,5	..	..
2002	38,8	38,8	..	..
2003	47,5	47,5	..	..
2004	50,8	50,8	..	..
2005	42,8	42,8	..	..
2006	80,0	45,0	35,0	..
2007	145,1	56,2	88,9	..
2008	179,3	72,9	104,0	2,4

¹ Starta våren 2008.

Kjelde: Digitalarkivet.

10.4. Digitalarkivet. Talet på skanna kyrkjebøker, etter fylke. Totalt per 31.12.2008

Talet på skanna kyrkjebøker

Totalt	11 938
Østfold	601
Akershus	568
Oslo	731
Hedmark	636
Oppland	594
Buskerud	700
Vestfold	561
Telemark	620
Aust-Agder	500
Vest-Agder	520
Rogaland	780
Hordaland	855
Bergen	444
Sogn og Fjordane	590
Møre og Romsdal	663
Sør-Trøndelag	709
Nord-Trøndelag	439
Nordland	778
Troms Romsa	403
Finnmark Finnmarku	216
Utlandet	30

Kjelde: Digitalarkivet.

10.5. Arkivbestand i arkivinstitusjonar og museum. 2008

	Bestand i hyllemeter	Kart	Teikningar	Foto	Film/ videoopptak	Lydfestingar
Arkivinstitusjonar i alt ¹	347 582	300 620	396 595	8 206 428	18 841	159 500
Museum ² i alt	26 597	32 663	275 592	³ -	.	.

¹ Riksarkivet (med Statsarkivet i Oslo og samisk arkiv), statsarkiva, dei interkommunale arkivinstitusjonane, fylkesarkiva og byarkiva. ² Gjeld berre 88 museum.³ Tal på foto er å finne i kapittel 8, tabell 8.1.

Kjelde: ABM-utvikling – Statens senter for arkiv, bibliotek og museum.

11. Bøker


11.1. Nokre resultat

Pliktavleverte lydboktitlar viser auke – vanlege boktitlar nedgang

I 2008 blei det pliktavlevert over 500 nye boktitlar som er lese inn på lydbok. Det er 54 fleire innleverte titlar enn i 2007. Samstundes blei det innlevert over 10 700 nye boktitlar til Nasjonalbiblioteket, det er 125 færre enn i 2007. Pliktavleveringa til Nasjonalbiblioteket omfattar også anna materiale, sjå kapittel 9.

Dei 10 700 boktitlane som er pliktavleverte i 2008, omfattar både bøker og småtrykk slik det kjem fram i bokstatistikken frå base Norbok. Av dei innleverte 10 700 boktitlane, syner dei førebelse tala at over 7 800, eller 73 prosent, er registrerte i Nasjonalbibliografien i 2008. Til samanlikning viste dei førebelse tala i 2007 at 68 prosent var registrerte. Dei korrigererte tala for 2007 syner at 76 prosent er registrerte i Nasjonalbibliografien. Oversikta i figur 11.1 og tabell 11.1 syner talet på titlar fordelt etter emne. Det er flest skjønnlitterære boktitlar med 2 800 registrerte titlar, om lag det same som året før. 79 prosent av boktitlane kom ut på bokmål, mens 6 prosent var på nynorsk. Litt over 950 titlar, eller 14 prosent, av dei registrerte boktitlane kom ut på engelsk.

Figur 11.1. Utgjevne bøker og småtrykk, etter emne. 2000-2008. Talet på titlar



¹ Førebels tal.
Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Dei førebelse tala for utgjeven barne- og ungdomslitteratur ligg på 1 160 titlar i 2008, av desse var 79 prosent skjønnlitterære utgjevingar. Tala i tabell 11.5 syner at talet på utgjeven barne- og ungdomslitteratur har auka årleg på heile 2000-talet.

Av dei registrerte boktitlane i 2008 er 2 400 boktitlar omsette bøker. 65 prosent av titlane er omsette frå engelsk, 14 prosent frå svensk og resten frå andre språk. Talet på avleverte lydbøker har teke seg noko opp i høve til 2007, og det blei registrert 416 lydbøker i 2008, jf. tabell 11.4.

Redusert boksal

2007-tala frå Den norske Forleggerforening viste at den totale omsetninga av bøker var på 6,2 milliardar kroner. Statistikken er ikkje blitt oppdatert for 2008, men det kan sjå ut som omsetninga i boksålet har gått ned i 2008 (Årsberetning 2008, Den norske Forleggerforening).

23 prosent les bøker ein gjennomsnittsdag


Tal frå Kultur- og mediebruksundersøkinga 2008 syner at 23 prosent av befolkninga i alderen 9-79 år las ei bok på fritida ein gjennomsnittsdag, det same som året før. I 1997 var det 17 prosent som las ei bok ein gjennomsnittsdag. Kvar

nordmann brukte i gjennomsnitt 13 minutt på boklesing per dag i 2008. Det er fleire kvinner enn menn som les bøker på fritida. Barn i alderen 9-15 år er den aldersgruppa der flest les bøker på fritida i løpet av dagen. Dei med høg utdanning les i større grad bøker enn dei som har låg utdanning. Derimot er det ikkje noko klart skilje i boklesing etter hushaldsinntekt. Dei som bur i Oslo/Akershus les i noko større grad bøker på fritida enn dei som bur i andre delar av landet. Den typen bøker som flest les, er romanar. Fleire resultat frå undersøkinga finn ein i tabellane 11.8, 11.9 og 11.10.

19 prosent med innvandrerbakgrunn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Europa utanom EU les bok ein gjennomsnittsdag

Tal frå eit tilleggssutval til Kultur- og mediebruksundersøkinga 2008 blant personar med innvandrerbakgrunn, syner at 19 prosent av 9-59-åringane med innvandrerbakgrunn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Europa utanom EU har lese ei bok på fritida ein gjennomsnittsdag i 2008, mot 24 prosent blant befolkninga i Noreg i same aldersgruppe. I begge gruppene er kvinner i mykje større grad boklesarar enn det menn er, og det er blant barna at delen boklesarar er størst. Blant befolkninga i Noreg er dei med høg utdanning ivrigare boklesarar enn dei med låg utdanning. Slik er det ikkje i same grad for innvandrergruppa. Blant innvandrarar frå EU, USA, Canada og Australia hadde 31 prosent lese ei bok på fritida ein gjennomsnittsdag i 2008. Fleire resultat frå undersøkinga finn ein i tabell 11.11.

Figur 11.2. Personar som les bøker, etter alder og kjønn. 2008. Prosent



Kjelde: Norsk mediebarometer 2008, Statistisk sentralbyrå.

11.2. Om bokstatistikken

Statistikken over bøker og småtrykk er utarbeidd for å kunne gje eit bilete av kva som er kome inn til Nasjonalbiblioteket av norske pliktavleverte dokument og kva som er registrert som tilvekst siste året.

Bokstatistikken frå Nasjonalbiblioteket syner tilvekst i base Norbok – nasjonalbibliografien for bøker. Statistikken baserer seg på det som er registrert i Norbok dei siste ti åra til og med det tidspunktet som Statistisk sentralbyrå får statistikken.

Førebels tal

Tala frå Nasjonalbiblioteket er førebelse, då det tek tid å registrere dei utgjevne titlane etter emne. Det er årsaka til at tala frå pliktavleveringa er høgare enn dei førebelse tala frå Nasjonalbiblioteket. Likevel gjev dei førebelse tala eit godt bilete av fordelinga på emne og språk.

Den norske Forleggerforening

Tal på bokomsetning og tal på selde bøker er henta frå den årlege bransjestatistikken til Den norske Forleggerforening. Bransjestatistikken omfattar

berre forlag som er medlemmer av foreininga. Tala i tabellane er henta frå bransjestatistikken 2007.

Mediebruksundersøkingane

Tala som tek for seg bruk og lesevanar av bøker, er henta frå den årlege mediebruksundersøkinga til Statistisk sentralbyrå. Data i tabellane 11.8, 11.9 og 11.10 er henta frå Norsk mediebarometer 2008. Termen *kvartil* representerer ei gruppe med om lag ein fjerdedel av utvalet i undersøkinga. Talet i kvar gruppe vil variere noko frå år til år.

Tala i tabell 11.11 viser resultat frå ei intervjuundersøking om kultur- og medievanar blant personar med innvandrarakgrunn i alderen 9-59 år. Tala i denne tabellen viser personar med innvandrarakgrunn som har lese bøker siste 12 månader i 2008. Denne undersøkinga var ei tilleggsundersøking til kultur- og mediebruksundersøkinga nemnd over, og intervju blei utførte samstundes.

11.3. Omgrep

Bøker og småtrykk

Tala i statistikken som inngår i Norbokstatistikken omfattar bøker og småtrykk som er utgjevne i førsteutgåver og i reviderte utgåver. I statistikken blir ein ikkje-periodisk publikasjon på minst 49 sider rekna som éi bok. Eit småtrykk er ein ikkje-periodisk publikasjon på 48 sider eller mindre. Klassifiseringa av bøker og småtrykk etter emne er gjord etter Deweys desimalsystem. Statistikken gjeld det året som bøker og småtrykk er utgjevne og fell ikkje alltid saman med når bøkene er registrerte ved Nasjonalbiblioteket. Tala for åra 1998-2007 er korrigererte tal, medan tala for 2008 er førebelse (Nasjonalbiblioteket).

11.4. Feilkjelder og uvisse

Restanse

På grunn av restansar i registreringa av bøker i Norbok bakover i tid, vil ikkje alle tala stemme med kva som faktisk er utgjeve. Statistikken er à jour frå 2004 til i dag, men frå 2003 og bakover er det framleis materiale som ikkje er registrert. Tala blir kontinuerleg oppdaterte.

Referanse:

Nasjonalbiblioteket.

Den norske Forleggerforening, Årsberetning 2008.

Nyttige Internett-adresser:

Nasjonalbiblioteket: <http://www.nb.no>

Den norske Forleggerforening: <http://www.forleggerforeningen.no>

Medienorge: <http://www.medienorge.uib.no>

Norsk mediebarometer 2008: <http://www.ssb.no/medie>

Kulturstatistikk 2007: http://www.ssb.no/emner/07/nos_kultur/

Kultur- og mediebruk blant personar med innvandrarakgrunn:

http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp_200929/

11.1. Utgjevne bøker og småtrykk. Talet på titlar, etter emne. 1999-2008

	Bøker				Småtrykk			
	I alt	Av dette første-utgåver	Utgjevne på original-språket	Omsette ¹	I alt	Av dette første-utgåver	Utgjevne på original-språket	Omsette ¹
1999 ²	5 524	4 602	3 885	1 639	821	772	475	346
2000	5 586	4 688	3 885	1 701	880	823	549	330
2001	5 503	4 635	3 811	1 692	866	809	521	345
2002	5 949	4 894	4 117	1 832	896	835	537	359
2003	6 517	5 443	4 605	1 912	903	841	535	368
2004	6 190	5 088	4 197	1 993	899	834	493	406
2005	7 235	5 919	4 967	2 268	1 168	1 086	707	461
2006	7 228	5 979	4 968	2 260	1 189	1 090	687	502
2007	7 074	5 808	5 023	2 051	1 192	1 089	649	543
2008 ³	6 753	5 570	4 840	1 913	1 073	1 032	616	457

2008

Alminnelege skrifter	128	-	113	15	5	-	-	-
Filosofi	178	-	120	58	12	-	-	-
Religion	299	-	190	109	58	-	-	-
Samfunnsvitskap	1 270	-	1 170	100	84	-	-	-
Språk	94	-	89	5	5	-	-	-
Naturvitskap	290	-	252	38	51	-	-	-
Bruksretta vitskap	1 002	-	831	171	50	-	-	-
Kunst, rekreasjon	661	-	527	134	143	-	-	-
Litteratur	2 298	-	1 139	1 159	593	-	-	-
Historie og geografi	533	-	409	124	72	-	-	-

¹ Gjeld ikkje omsetjingar mellom norske språk (bokmål, nynorsk, samisk m.m.). ² 1999-2007 korrigerte tal. ³ Førebels tal.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

11.2. Utgjevne bøker og småtrykk, etter utgjevarspråk. 1999-2008. Talet på titlar

	1999 ¹	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008 ²
Bøker										
I alt	5 524	5 586	5 503	5 949	6 517	6 190	7 235	7 228	7 074	6 753
Bokmål	4 457	4 549	4 470	4 701	5 192	5 044	5 823	5 755	5 510	5 338
Nynorsk	411	399	390	403	533	318	415	415	412	388
Samisk	4	5	11	16	14	12	28	25	24	16
Engelsk	592	560	583	778	722	764	902	964	1 053	943
Andre språk	60	73	49	51	56	52	67	69	75	68
Småtrykk										
I alt	821	879	866	896	903	899	1 168	1 189	1 192	1 073
Bokmål	713	762	738	755	778	766	1 000	1 046	1 000	955
Nynorsk	57	54	65	75	55	59	73	77	98	68
Samisk	11	14	7	4	5	7	11	18	18	15
Engelsk	26	31	41	50	52	42	63	40	50	26
Andre språk	14	18	15	12	13	25	21	8	26	9

¹ 1999-2007 korrigerte tal. ² Førebels tal.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

11.3. Omsette¹ bøker og småtrykk, etter originalspråk. 1999-2008. Talet på titlar

Originalspråk	1999 ²	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008 ³
Bøker										
I alt	1 639	1 701	1 692	1 832	1 912	1 993	2 268	2 260	2 051	1 913
Svensk	147	143	163	196	241	226	282	273	274	261
Dansk	78	68	61	100	90	94	125	116	100	70
Engelsk	1 172	1 225	1 231	1 236	1 304	1 334	1 464	1 439	1 287	1 242
Tysk	61	76	57	77	79	80	88	84	107	79
Fransk	60	48	51	61	47	55	70	81	76	60
Andre språk og uoppgeve	121	141	129	162	151	204	239	267	207	201
Småtrykk										
I alt	346	330	345	359	368	406	461	502	543	457
Svensk	26	25	39	67	81	74	64	76	85	75
Dansk	18	31	18	22	17	25	30	15	17	15
Engelsk	260	244	231	203	208	238	285	316	344	299
Tysk	11	7	4	6	11	6	31	18	17	18
Fransk	10	10	32	31	31	28	31	30	35	23
Andre språk og uoppgeve	21	13	21	30	20	35	20	47	45	27

¹ Gjeld ikkje omsetjingar mellom bokmål, nynorsk, samisk m.m. ² 1999-2007 korrigerte tal. ³ Førebels tal.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

11.4. Andre typar utgjevingar. 1999-2008. Talet på titlar

	1999 ¹	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008 ²
I alt	152	198	213	225	296	301	409	376	411	457
Lydbøker	110	156	168	184	237	287	355	334	362	416
CD-ROM	30	35	42	39	37	11	20	14	20	12
Kombidokument	12	7	3	2	22	3	34	28	29	29

¹ 1999-2007 er korrigerde tal. ² Førebelse tal.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

11.5. Utgjeven barne- og ungdomslitteratur. 1999-2008. Talet på titlar

	1999 ¹	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008 ²
Bøker										
I alt	858	831	834	914	917	951	1 178	1 234	1 289	1 164
Norske	300	296	324	341	357	352	486	491	470	470
Utanlandske	558	535	510	573	560	599	692	743	819	694
I alt	858	831	834	914	917	951	1 178	1 234	1 289	1 164
Skjønnlitteratur	676	635	618	711	706	701	896	954	1 009	913
Fakta	182	196	216	203	211	250	282	280	280	251

¹ 1999-2007 er korrigerde tal. ² Førebels tal.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

11.6. Den Norske Forleggerforening. Bokomsetning til utsalpsprisar. 1990-2007. Millionar kroner

	I alt	Medlemsforlag	Andre forlag	Bokklubbar	Bokimportørar	Lydbøker
1990	3 062	1 970	439	469	184	-
1997	4 624	2 708	646	948	322	-
1998	4 906	2 862	655	1 039	350	-
1999	4 916	2 846	628	1 091	351	-
2000	4 682	2 639	567	1 115	361	-
2001 ¹	4 645	2 529	491	1 250	375	-
2002	4 984	² 2 787	550	1 274	373	-
2003 ³	5 443	3 061	600	1 323	381	78
2004	5 152	3 138	407	1 149	356	102
2005	5 306	3 260	494	1 087	354	111
2006	5 828	3 696	676	959	344	153
2007	6 205	4 137	727	841	310	189

¹ Omsetninga for 2001 er korrigerd med den same multiplikator som er brukt i 2002. ² Talet er korrigerd for bruttoomsetning til bokklubbar. ³ Tala er korrigerde sidan førre utgåve.

Kjelde: Den norske Forleggerforening.

11.7. Den Norske Forleggerforening. Omsetning og talet på selde eksemplar, etter bokgruppe. 2006-2007

Bokgruppe	Talet på selde eksemplar			Brutto omsetning ¹			Pris per eksemplar	
	2006	2007	Endring i prosent	2006 ²	2007	Endring i prosent	2006	2007 ³
—————1 000 kroner—————								
I alt	23 819 765	28 169 851	18,3	3 875 024	4 441 036	14,6	.	.
Grunnskolen	2 197 213	3 530 109	60,7	346 234	641 928	85,4	158	182
Vidaregåande	1 404 211	1 500 084	6,8	440 338	457 194	3,8	314	305
Lærebøker høgare utdanning ..	721 157	1 073 447	48,9	261 628	280 792	7,3	363	262
Fagbøker profesjonsmarkedet ..	353 034	350 975	-0,6	108 972	100 100	-8,1	309	285
Norsk sakprosa, vaksne	2 898 719	3 112 458	7,4	580 098	601 669	3,7	200	193
Omsett sakprosa, vaksne	1 963 996	2 285 812	16,4	330 505	337 218	2,0	168	148
Norsk sakprosa, barn	207 650	229 199	10,4	27 071	31 720	17,2	130	138
Omsett sakprosa, barn	552 221	864 363	56,5	64 878	85 848	32,3	117	99
Norsk skjønnlitteratur, vaksne ..	1 080 444	1 209 598	12,0	248 340	283 064	14,0	230	234
Omsett skjønnlitteratur, vaksne.	969 844	1 524 204	57,2	190 447	271 845	42,7	196	178
Norsk skjønnlitteratur, barn	777 406	1 012 295	30,2	131 025	146 268	11,6	169	144
Omsett skjønnlitteratur, barn ..	1 388 757	1 544 189	11,2	140 936	194 178	37,8	101	126
Billegbøker	8 264 165	8 003 213	-3,2	747 925	725 305	-3,0	91	91
Verk	76 748	93 889	22,3	86 974	54 456	-37,4	1 133	580
Kommissjonsbøker, lover	326 726	292 089	-10,6	47 748	76 007	59,2	146	260
Fonogram (Plater, lydbøker mv.)	637 474	1 543 927	142,2	121 905	153 444	25,9	191	99

¹ Bruttoomsetninga er estimert på bakgrunn av nettoomsetninga. ² I 2006 er det brukt nye multiplikatorar for alle bokgruppene. ³ Uvisse i estimering av bruttoomsetninga har auka. Det gir også uvisse i estimeringa for utsalpsprisar.

Kjelde: Den norske Forleggerforening.

11.8. Minutt brukt til boklesing i gjennomsnitt blant alle og blant lesarar, etter alder og kjønn. 2006-2008

	2006		2007		2008	
	I gjennomsnitt blant alle	I gjennomsnitt blant dei som les bøker	I gjennomsnitt blant alle	I gjennomsnitt blant dei som les bøker	I gjennomsnitt blant alle	I gjennomsnitt blant dei som les bøker
Menn						
9-15 år	12	50	7	:	10	44
16-24 "	10	61	7	:	8	:
25-44 "	8	48	8	50	9	52
45-66 "	9	46	10	52	10	57
67-79 "	11	:	14	62	15	61
Kvinner						
9-15 år	18	47	12	35	12	41
16-24 "	12	75	18	74	12	:
25-44 "	17	58	18	67	17	58
45-66 "	19	56	16	52	22	71
67-79 "	24	84	19	96	12	61

Kjelde: Norsk mediebarometer 2008, Statistisk sentralbyrå.

11.9. Prosentdel boklesarar og minutt brukt til lesing av bøker ein gjennomsnittsdag, etter kjønn, hushaldsinntekt og landsdel. 1997-2008

	Prosent						Minutt brukt til lesing av bøker					
	1997	2000	2004	2006	2007	2008	1997	2000	2004	2006	2007	2008
Alle personar	17	20	23	24	23	23	10	12	12	14	13	13
Menn	14	16	19	18	18	18	8	9	9	9	9	10
Kvinner	21	24	27	30	27	28	12	14	14	18	17	17
Alder												
9-15 år	26	18	28	31	27	27	11	7	9	15	10	11
16-24 "	17	19	16	36	18	15	9	13	10	11	12	10
25-44 "	17	19	22	23	22	24	9	11	12	13	13	13
45-66 "	15	23	25	27	24	24	9	14	13	14	13	16
67-79 "	20	20	23	22	22	22	18	13	14	18	17	13
Utdanning												
Ungdomsskole	10	10	14	20	13	12	6	6	7	12	8	8
Vidaregåande skole	16	17	19	18	19	17	9	10	10	11	11	11
Universitet/høgskole, kort	29	29	32	29	29	34	18	15	17	17	19	19
Universitet/høgskole, lang	19	31	33	34	36	35	13	20	19	16	22	21
Hushaldsinntekt												
1. kvartil	16	19	21	24	21	26	10	12	13	16	13	19
2. kvartil	17	19	23	26	24	21	11	12	12	16	14	11
3. kvartil	19	19	23	25	25	24	9	9	12	13	13	13
4. kvartil	18	27	26	26	23	30	10	13	12	12	13	14
Landsdel												
Oslo/Akershus	19	26	27	26	29	28	11	15	13	14	19	17
Austlandet elles	17	17	22	25	21	21	9	11	11	14	11	13
Agder og Rogaland	19	19	17	21	19	23	13	11	9	13	10	12
Vestlandet	17	20	22	25	19	22	9	11	11	15	9	14
Trøndelag	13	18	30	24	23	21	6	8	14	11	15	11
Nord-Noreg	18	17	20	18	24	20	12	13	13	12	15	10

Kjelde: Norsk mediebarometer 2008, Statistisk sentralbyrå.

11.10. Boklesarar som har lese ulike typar bøker ein gjennomsnittsdag, etter kjønn, alder, utdanning, hushaldsinntekt og landsdel. 2000-2008. Prosent

	Boktype							
	Roman/ novelle	Biografi/ memoarar	Samfunn/ politikk/ kunst/ historie	Natur/ teknikk/ friluft	Religiøs litteratur	Skodespel/ dikt	Barne-/ ungdoms- litteratur	Anna
2000	59	7	8	4	3	2	..	17
2001	64	7	8	2	4	1	8	5
2002	64	3	6	3	5	1	10	8
2003	63	7	6	4	3	1	8	9
2004	54	8	7	3	4	0	11	13
2005	67	3	6	3	4	0	8	8
2006	69	6	7	3	2	0	8	4
2007	67	6	5	3	3	0	8	8
2008	64	5	6	2	1	0	10	11
2008								
Menn	49	8	11	4	1	0	11	17
Kvinner	75	4	3	1	1	0	9	7
Alder								
9-15 år	29	0	0	2	1	0	58	8
16-24 "	68	3	6	2	3	2	8	8
25-44 "	75	3	3	2	2	0	3	13
45-66 "	68	11	8	1	1	0	0	11
67-79 "	60	6	20	3	0	0	2	8
Utdanning								
Ungdomsskole	76	0	6	6	3	3	6	0
Vidaregåande skole	73	6	8	1	0	0	3	10
Universitet/høgskole, kort	71	7	5	2	2	0	1	11
Universitet/høgskole, lang	63	8	9	2	0	0	1	16
Hushaldsinntekt								
1. kvartil	71	4	10	2	1	0	4	9
2. kvartil	59	8	8	3	3	0	9	10
3. kvartil	62	4	3	2	0	0	16	14
4. kvartil	62	8	4	2	0	1	11	11
Landsdel								
Oslo/Akershus	65	6	9	0	2	0	8	9
Austlandet elles	65	5	4	3	0	0	12	11
Agder og Rogaland	58	4	4	5	2	1	16	10
Vestlandet	67	9	4	4	3	0	5	9
Trøndelag	66	4	8	0	0	0	4	17
Nord-Noreg	64	3	11	0	0	0	13	10

Kjelde: Norsk mediebarometer 2008, Statistisk sentralbyrå.

11.11. Personar i alderen 9-59 år som har lese bøker ein gjennomsnittsdag dei siste 12 månadene, etter landgruppe, kjønn, alder, hushaldsinntekt, utdanning og bustadstrøk. 2008. Prosent og minutt

	Prosent			Minutt		
	Befolkninga i Noreg	Innvandrar-bakgrunn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika, Europa utanom EU/EØS	Innvandrar-bakgrunn ¹ frå EU/EØS, USA, Canada og Australia	Befolkninga i Noreg	Innvandrar-bakgrunn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika, Europa utanom EU/EØS	Innvandrar-bakgrunn ¹ frå EU/EØS, USA, Canada og Australia
Alle	24	19	31	13	13	15
Kjønn						
Menn	18	15	34	9	11	15
Kvinner	29	22	29	17	14	15
Alder						
9-15 år	29	36	:	11	16	:
16-24 "	14	10	:	9	8	:
25-44 "	24	17	:	14	15	:
45-59 "	24	18	:	15	10	:
Hushaldsinntekt						
0-399 000	30	23	:	21	20	:
400 000-599 000	21	20	:	11	11	:
600 000-	25	17	:	13	11	:
Utdanning						
Grunnskole	15	15	:	10	10	:
Vidaregåande skole	22	16	:	13	14	:
Universitet og høgskole	36	19	:	19	20	:
Bustadstrøk						
Tettbygd under 20 000 og spreittbygd	19	14	:	11	8	:
Tettbygd 20 000 - 99 000	24	20	:	12	14	:
Tettbygd 100 000 eller fleire	29	22	:	16	16	:

¹ Tal for alder, hushaldsinntekt, utdanning og bustadstrøk kan ikkje oppgis fordi talmaterialet er for lite.

Kjelde: Kultur- og mediebruk blant personer med innvandrerbakgrunn 2008, Statistisk sentralbyrå.


12. Aviser, vekepresse og fagpresse

12.1. Nokre resultat

Avisene Talet på aviser i Noreg i 2008 var 228, det same talet som i 2007. Samla avisopplag i 2008 var 2 763 000. Sjølv om talet på aviser er det same, syner det samla avisopplaget framleis nedgang, og ligg såleis 80 000 lågare enn i 2007. Nedgangen i opplaget var på 3 prosent i 2008, til samanlikning var han 1 prosent året før. 2008 er det tiande året på rad med nedgang i opplagstala (Avisåret 2008, Sigurd Høst).

Laussalsavisene går framleis attende, sidan 2002 er opplagstalet redusert med om lag 30 prosent, siste året med 9 prosent. Samla opplagstal for laussalsavisene var 408 000 i 2008. Etter fleire år med vekst for dei lokale vekeavisene, ser ein i 2008 ein liten nedgang i opplaget på 4 000 eller 3 prosent. I dei føregåande åra, frå 2001 til 2007, var auken i opplagstala på 40 prosent. Samla opplag for dei lokale vekeavisene i 2008 var på 136 000. Biletet over avislandskapet viser likevel ikkje berre reduksjon i opplagstala. Både dei riksspreidde meiningsbêrande avisene og lokale 2-3dagsavisar har hatt auke i opplagstala på respektive 5 og 2 prosent. Lokale dagsavisar, nr. 2 har hatt stabile opplagstal dei siste fem år.


Figur 12.1. Aviser. Opplagstal, etter type. 2001-2008



¹ Ei avis som før 2007 blei rekna som avis, er ikkje lenger med i statistikken. ² Aftenposten, Bergens Tidende, Adresseavisen og Stavanger Aftenblad.

Kjelde: Avisåret 2008, Høgskulen i Volda/Møreforsking.

Figur 12.2. Aviser. Opplagstal for dei største avisene. 2004-2008



Kjelde: Avisåret 2008, Høgskulen i Volda/Møreforsking.

138 aviser fekk
produksjonstilskott

I 2008 fekk 138 aviser produksjonstilskott på litt under 265 millionar kroner. Produksjonstilskott til dagsaviser er ei tilskottsordning under pressestøtteordninga som Medietilsynet forvaltar. Pressestøtta omfattar også blant anna tilskott til samiske aviser. Tabell 12.1 syner fleire detaljar om produksjonstilskottet for dagsaviser (jf. 12.2).

12.1. Dagsaviser som fekk produksjonstilskott. 2004-2008

	2004	2005	2006	2007	2008
Aviser i alt	135	138	138	139	138
Nr. 2-aviser, ekskl. rikspredde aviser ¹	23	25	24	26	26
Rikspredde meningsbærande aviser	5	5	5	5	5
Nr. 1 og aleineaviser	57	56	58	56	56
Vekeaviser, ekskl. nr. 2-aviser	50	52	51	52	51
1 000 kr					
Tilskotsbeløp i alt	246 961	244 186	252 521	251 765	264 310

¹ Inkluderer sju vekeaviser som er nr.2 -aviser på utgivarstaden.

Kjelde: Medietilsynet, årsrapport 2008.

Avisene på Internett

Statistikken over norske aviser på Internett er oppdaterte for 2008. Som det går fram av tabell 12.2 har no nesten alle avisene eit tilbod på Internett. Stadig fleire av avisene har oppdatert nyheitsteneste på Internett, i 2008 hadde 149 aviser denne tenesta. 9 prosent av befolkninga las berre nettavis i 2008, jf. tabell 12.8.

12.2. Norske aviser på Internett¹, ved utgangen av året. 1997-2008

	1997	1998	1999	2000	2001	2003	2005	2006	2008
Alle aviser	221	220	224	219	218	226	226	229	228
Oppdatert nyheitsteneste ²	5	9	12	48	47	40	75	119	149
Fylldig nettavis ³	37	38	48	57	63	66	44	28	22
Smal nettavis, notisavis	16	19	18	22	38	51	63	49	25
Heimeside	10	30	39	26	50	50	36	27	29
Anna	6	6	3	4	3	5	2	2	1
Heimeside fellesopplegg	-	15	20	13	37	26	12	10	8
Aviser på nett i alt	72	102	120	157	201	212	220	225	226

¹ Oversikta gjeld betalte (papir)aviser på Internett. Gratisaviser og reine nettaviser er ikkje med. ² For 1997-1999 gjeld registreringa berre dagsaviser. Krav til oppdatering er litt strengare i 2003 enn tidlegare. ³ Minst fire nyheitssaker presenterte som meir enn ein kort notis.

Kjelde: Avisåret 2008, Høgskulen i Volda/Møreforsking.

Vekepressa

I 2008 hadde magasinene som er medlemmer i Magasin- og UkepresseForeningen eit samla gjennomsnittleg nettoopplag per nummer på 3,1 millionar. Det er litt lågare enn for 2007, men det same som for 2006. Statistikken for 2008 omfattar 75

magasin, 4 fleire enn 2007. Det er flest Familieblad representerte i denne oversikta, 33 blad, og desse utgjer om lag to tredjedelar av gjennomsnittleg opplag per utgiving. I kvar av gruppene Heim og hage og Sport, hobby og fritid var det ni ulike blad eller magasin.

12.3. Vekepresse¹. Talet på blad og magasin og opplag per utgiving, etter gruppe². 2007-2008

Gruppe	2007		2008	
	Talet på blad/magasin	Opplag	Talet på blad/magasin	Opplag
I alt	71	3 174 758	75	3 132 222
Familieblad og TV-guidar	32	2 065 252	33	1 984 329
Heim og hage	7	260 196	9	288 541
Data, audio og video	3	59 905	3	55 737
Bil og båt	8	189 122	8	167 166
Helse, mat og livsstil	8	207 788	8	190 562
Sport, hobby og fritid	7	197 440	9	205 420
Teikneseriar	1	111 367	2	184 161
Anna	5	83 688	3	56 306


¹ Omfattar vekepresse som er medlemmer av Magasin- og Ukepresseforeningen. ² Grupperinga er utarbeidd etter forslag frå Norsk Medieindeks.

Kjelde: Magasin- og UkepresseForeningen.

Fagpresse

Det er framleis vanskeleg å gi eit samla tal for opplaget til fagpressa. Men ein kan fastslå at det er eit stort mangfald blant dei ulike kategoriane magasin og blad. Sjølv om nokre blad kan vere førte opp i fleire kategoriar, kan ein rekne samla opplag til over 7,2 millionar i 2008. Samla opplagstal har vore aukande dei siste åra, men frå 2007 til 2008 var det ein nedgang på om lag 86 000. Talet på ulike magasin og blad har òg hatt nedgang siste året med 33. Gruppa Offentleg verksemd, undervisning, forskning mv. hadde flest magasin med 81 i 2008, mens gruppa Helse-, sosial og veterinærtenester hadde størst auke i opplagstala med 8 prosent.

Figur 12.3. Fagpresse. Opplag per utgiving, etter gruppe^{1 2 3}. 2003-2008



¹ Omfattar berre medlemmer av Den norske fagpresses forening. ² Grupperinga er utarbeidd av Den norske fagpresses forening. ³ Nokre periodika er førte opp under fleire kategoriar.


Kjelde: Den norske fagpresses forening.

Bruk av trykte medier

Det går fram av tal frå Norsk mediebarometer 2008 at 68 prosent av befolkninga i alderen 9-79 år las ei papiravis ein gjennomsnittsdag i 2008, mens 13 prosent las eit vekeblad, 6 prosent las eit teikneserieblad og 14 prosent las eit tidsskrift. Tala for 2007 var respektive 72 prosent, 14 prosent, 6 prosent og 11 prosent.

I 2008 las kvar nordmann i gjennomsnitt 27 minutt i ei papiravis per dag. Menn og kvinner brukar om lag like mykje tid på å lese papiraviser. Lesing av papiraviser aukar med alderen. Mens 41 prosent av dei i alderen 9-15 år las ei papiravis ein gjennomsnittsdag i 2008, var delen 84 prosent blant dei i alderen 67-79 år. Delen som les aviser er også noko større blant dei med høg utdanning enn blant dei med låg utdanning. Delen som les papiraviser har gått litt ned dei seinare åra, men delen som les avissider på Internett har auka. Særleg gjeld dette dei unge. Fleire resultat frå undersøkinga finn ein i tabell 12.6, 12.7 og 12.8.

Figur 12.4. Avislesing blant personar 9-79 år ein gjennomsnittsdag, etter kjønn. 1991-2008. Prosent



Kjelde: Norsk mediebarometer 2008.

Bruk av trykte medier blant personar med innvandrarsbakgrunn

Tal frå eit tilleggssutval til Kultur- og mediebruksundersøkinga 2008 blant personar med innvandrarsbakgrunn, syner at 43 prosent av 9-59-åringane med innvandrarsbakgrunn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Europa utanom EU las ei papiravis ein gjennomsnittsdag 2008, mot 63 prosent blant befolkninga i Noreg i same aldersgruppe. I innvandrargruppa var det 8 prosent som hadde lese eit vekeblad ein gjennomsnittsdag, 4 prosent hadde lese eit teikneserieblad og 7 prosent hadde lese eit tidsskrift. I befolkninga i Noreg var tala 13 prosent, 7 prosent og 12 prosent. Innvandrargruppa hadde i gjennomsnitt brukt 13 minutt på lesing av papiraviser ein gjennomsnittsdag, mot 22 minutt i befolkninga i Noreg. Det er liten skilnad mellom menn og kvinner i både delen som les papiraviser per dag og tida dei brukar på det. I begge gruppene aukar lesing av papiraviser med alderen, og det er flest avislesarar blant dei som har høg utdanning og dei som har høg hushaldsinntekt.

Blant personar med innvandrarsbakgrunn frå EU, USA, Canada og Australia hadde 62 prosent i alderen 9-59 år lese papiravis ein gjennomsnittsdag i 2008. 11 prosent hadde lese eit vekeblad, 10 prosent hadde lese eit teikneserieblad og 16 prosent hadde lese eit tidsskrift. Fleire resultat frå undersøkinga finn ein i tabell 12.9, 12.10, 12.11 og 12.12.

12.2. Om statistikken – aviser, vekepresse og fagpresse

Avisene

Statistikken over avislandskapet er utarbeidd av Sigurd Høst ved Høgskulen i Volda og baserer seg på publikasjonen Avisåret 2008 (Avisåret 2008, Sigurd Høst). Formålet med rapportserien Avisåret er at han skal dekkje alle norske aviser, sjølv om dei ikkje er medlemmer av Mediebedriftenes Landsforening (MBL) eller Landslaget for Lokalaviser (LLA). Det viktigaste grunnlaget for statistikken er opplysningar frå MBL, LLA og Medietilsynet. Statistikken over aviser på Internett er utarbeidd spesielt for rapportserien Avisåret.

<i>Pressestøtta</i>	Pressestøtta er eit sentralt verkemiddel for å oppnå ulike mål på medieområdet. Pressestøtta omfattar produksjonstilskot til dagsaviser, tilskot til nytta medieforskning og etterutdanning, tilskot til samiske aviser, tilskot til minoritetsspråklege publikasjonar og distribusjonstilskot til avisene i Finnmark. Pressestøtta blei etablert i 1969 for å motverke avisdød. Medietilsynet forvaltar desse tilskotsordningane (Årsrapport 2008, Medietilsynet).
<i>Vekepressa</i>	Statistikken over norsk vekepresse baserer seg på opplysningar frå Magasin- og UkepresseForeningen og dekkjer dei magasin- og ukepresser som er medlemmer. Foreininga sitt formål er å ta vare på felles interesser på vegner av vekepressa overfor samfunnet, styresmaktene, andre organisasjonar og allmenta. Foreininga er òg ansvarleg for årleg kontroll av opplagstal og tek seg av utgivarane sine interesser overfor Kopinor når det gjeld kopieringsvederlag (http://www.ukepressen.no). Kategoriseringa av vekepressa er utarbeidd etter forslag frå Norsk Medieindeks.
<i>Fagpressa</i>	Statistikken for fagpressa er utarbeidd på grunnlag av materiale frå Fagpressens Informasjonskontor publisert i Fagpressekatalogen. Oppgåvene omfattar berre medlemmer av Den norske fagpresses forening. Grupperinga som tidsskrifta er delte inn i, er utarbeidd av Den norske fagpresses forening. Fagpressa består av eit stort mangfald av fagblad, interesse-, hobby- og bransjeblad. Det er vanskeleg å gi eit samla tal for opplaget til fagpressa fordi nokre periodika er førte opp under fleire kategoriar.
<i>Mediebruksundersøkingane</i>	Tala som omhandlar bruk av avis og blad er henta frå den årlege mediebruksundersøkinga til Statistisk sentralbyrå. Tala for 2008 er henta frå Norsk mediebarometer 2008. Termen <i>kvartil</i> representerer om lag ein fjerdedel av utvalet i undersøkinga i kvar gruppe. Talet i kvar gruppe vil variere noko frå år til år. Tala i tabell 12.9, 12.10, 12.11 og 12.12 viser resultat frå ei intervjuundersøking om kultur- og medievanar blant personar med innvandrarbakgrunn i alderen 9-59 år. Tala i desse tabellane viser personar med innvandrarbakgrunn som har brukt tid og kor mange som las ulike avis og blad siste 12 månader i 2008. Denne undersøkinga var ei tilleggsundersøking til kultur- og mediebruksundersøkinga nemnd over, og intervju blei utførte samstundes.
<i>Avis</i>	12.3. Omgrep Avis i denne statistikken er meint alle publikasjonar som kjem ut minst ein gong per veke, og som fyller dei opphavlege reglane for listeføring som avis. Det inneber at dei skal "orientere allmenta om hendingar og aktuelle spørsmål", ta reell betaling for abonnement og laussal, og ha mindre enn 50 prosent annonsar. (Institutt for Journalistikk, Rapport 3/2004).
<i>Vekepresse</i>	Vekepresse er eit samleomgrep for vekeblad og andre magasin. Nokre av magasin- og ukepresser kjem ut sjeldnare enn kvar veke. Tala som vert presenterte er gjennomsnittleg nettoopplag per nummer.

Referansar:

Avisåret 2008, Sigurd Høst, Høgskulen i Volda/Møreforskning.

Årsrapport 2008, Medietilsynet.

Institutt for Journalistikk, Rapport 3/2004.

Norsk ukepresse: <http://www.ukepressen.no/>

Nyttige internettadresser, sjå:

Institutt for Journalistikk: <http://www.ij.no/>

Høgskulen i Volda: <http://www.hivolda.no>

Medietilsynet: <http://www.medietilsynet.no/>

Mediebedriftenes Landsforening: <http://www.aviskatalogen.no/>

Landslaget for Lokalaviser: <http://www.lla.no/>

Den norske fagpresses forening: <http://www.fagpressen.no/>

Norsk mediebarometer 2008: <http://www.ssb.no/medie>

Medienorge: <http://www.medienorge.uib.no>

Kulturstatistikk 2007: http://www.ssb.no/emner/07/nos_kultur/

Kultur- og mediebruk blant personar med innvandrarbakgrunn:
http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp_200929/

12.4. Aviser, etter type og opplag. 2003-2008

	2003		2004		2005		2006		2007		2008	
	Aviser i alt	Opplag, 1 000	Aviser i alt	Opplag, 1 000	Aviser i alt	Opplag, 1 000	Aviser i alt	Opplag, 1 000	Aviser i alt	Opplag, 1 000	Aviser i alt	Opplag, 1 000
I alt	223	3 056	226	3 020	226	2 948	229	2 876	228	2 844	228	2 763
Laussalsaviser	2	566	2	548	2	506	2	462	2	445	2	408
Storbyaviser ³	4	503	4	493	4	488	4	482	4	486	4	477
Nr.2-aviser i store byar	3	78	3	80	3	80	3	76	3	73	3	68
Riksspreidde meningsbærande aviser	6	151	6	153	6	160	6	163	6	169	⁴ 8	177
Leilande lokale dagsaviser	56	934	56	923	56	909	56	896	56	885	56	867
Lokale dagsaviser, nr. 2	2	34	2	33	2	33	2	33	2	33	2	32
Lokale 2-3 dagarsaviser	79	403	79	403	80	400	79	390	79	392	81	398
Lokale vekeaviser	54	119	57	123	57	123	62	140	62	140	63	136
Nasjonale fådagarsaviser	16	113	16	116	15	108	14	96	13	90	8	76
Aftenposten Aften	1	155	1	148	1	142	1	137	1	131	1	125

¹ På grunn av avrundingar stemmer ikkje summane heilt. ² Ei avis som før 2007 blei rekna som avis, er ikkje lenger med i statistikken. ³ Aftenposten, Bergens Tidende, Adresseavisen og Stavanger Aftenblad. ⁴ Avvir og Sagat er rekna som dagsaviser i 2008 sjølv om dei var fådagarsaviser meir enn halve året.
Kjelde: Avisåret 2008, Sigurd Høst, Høgskulen i Volda/Møreforskning.

12.5. Fagpresse. Talet på periodika¹ og opplag per utgiving, etter gruppe^{2,3}. 2003-2008

	2003		2005		2007		2008	
	Periodika	Opplag	Periodika	Opplag	Periodika	Opplag	Periodika	Opplag
Landbruk og fiske	17	380 216	17	399 060	19	405 776	17	366 738
Industri, teknikk og handverk ...	66	1 094 594	69	1 239 585	79	1 341 429	68	1 291 487
Bygg og anlegg	26	476 334	22	460 276	26	499 928	23	520 813
Varehandel, hotell og storkjøkken	25	171 036	27	189 968	28	194 336	22	175 722
Transport og samferdsel	11	485 518	8	481 680	11	533 617	9	524 399
Tenesteyting, økonomi mv.	31	510 943	33	578 231	38	664 450	36	637 317
Offentleg verksemd, undervisning, forskning mv.	58	992 343	55	941 803	82	1 239 600	81	1 283 587
Helse-, sosial- og veterinærtenester	41	995 059	43	892 931	58	1 002 676	60	1 087 018
Kultur og fritid	45	1 303 490	44	1 324 141	58	1 422 110	50	1 330 366

¹ Omfattar berre medlemmer av Den norske fagpresses forening. ² Grupperinga er utarbeidd av Den norske fagpresses forening. ³ Nokre periodika er førte opp under fleire kategoriar.

Kjelde: Den norske fagpresses forening.

12.6. Minutt brukt til lesing av avis, vekeblad, teikneserieblad og tidsskrift ein gjennomsnittsdag. 2004-2008.

	Avis			Vekeblad			Teikneserieblad			Tidsskrift		
	2004	2006	2008	2004	2006	2008	2004	2006	2008	2004	2006	2008
Alle personar	30	29	27	5	4	4	2	2	1	4	3	4
Kjønn												
Menn	30	30	28	3	2	2	2	2	2	5	3	5
Kvinner	30	27	26	8	7	6	1	1	1	2	3	4
Alder												
9-15 år	6	9	7	3	3	2	7	7	6	1	0	1
16-24 "	15	14	12	4	3	1	3	3	2	3	1	1
25-44 "	27	24	21	5	5	4	1	1	1	3	4	4
45-66 "	42	40	37	5	4	4	0	0	0	5	3	4
67-79 "	56	52	55	10	8	9	0	0	0	4	5	9
Hushaldsinntekt												
1. kvartil	30	27	31	8	6	5	1	1	1	4	4	5
2. kvartil	32	32	28	5	4	3	2	2	2	3	3	3
3. kvartil	31	29	26	5	4	2	1	2	1	3	3	4
4. kvartil	31	30	27	4	4	3	2	2	2	4	4	4
Landsdel												
Levekårsundersøkinga i Statistisk sentralbyrå blir gjennomført kvart tredje eller fjerde år, og i 2007 vart det lagt spesielt vekt på blant anna friluftsliv, trening og mosjon. Tabell 16.1 syner resultat frå denne undersøkinga på nokre utvalde spørsmål. Raske turar er den mest populære treningsforma. 77 prosent av befolkninga gjekk ein rask tur i løpet av dei siste tolv månadene i 2007. Det er litt fleire enn i 2004, da gjekk 74 prosent raske turar. Å gå raske turar er populært i alle aldersgrupper, og i aldersgruppa 45-66 år, gjekk 85 prosent raske turar. 73 prosent av befolkninga trener eller mosjonerer minst éin gong i veka, det er like mange som ved førre undersøking. Trening er mest populært i aldersgruppa 16-24 år. Nesten åtte av ti nordmenn hadde vore på dagstur i skogen eller på fjellet i 2007. Undersøkinga syner også at 43 prosent av befolkninga hadde vore på fisketur, og 35 prosent hadde vore på bær-eller sopptur. Fleire tal frå Levekårsundersøkinga 2007 er gitt i NOS Kulturstatistikk 2007.

16.1. Prosentdel personar som dei siste 12 månadene har drive med aktivitetar knytte til friluftsliv eller trening og mosjon. 2007

Friluftsliv	Alle	16-24 år	25-44 år	45-66 år	67 år og eldre
Vore på kortare spasertur	80	80	87	83	57
Vore på dagstur til fots i skogen eller på fjellet	77	81	84	81	49
Har bada i salt- eller ferskvatn ..	63	83	73	62	27
Har sola seg	58	71	67	56	30
Vore på fisketur	43	50	49	44	22
Vore på bær- eller sopptur	35	28	30	44	32
Trening og mosjon	Alle	16-24 år	25-44 år	45-66 år	67 år og eldre
Raske turar	77	72	83	85	52
Trenar eller mosjonerer minst ein gong i veka	73	84	71	77	59
Sykling	40	45	47	42	13
Skitur/langrenn	45	50	51	48	19
Joggar eller spring	38	75	43	28	9

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

56 prosent av befolkninga på idrettsarrangement siste 12 månader

Tal frå Kulturbruksundersøkinga 2008 blant personar 9-79 år syner at 56 prosent av befolkninga hadde vore og sett på eit idrettsarrangement dei siste 12 månadene i 2008. I 2004 var prosenten 55. Fleire menn enn kvinner gjekk på slike arrangement, respektive 61 og 50 prosent. Det er dei i aldersgruppa 9-15 år som går mest på idrettsarrangement, 69 prosent. Det er små skilnader på besøk på idrettsarrangement i dei ulike landsdelane. Ein ser likevel at i Agder og Rogaland og Trøndelagsfylka hadde over 60 prosent av befolkninga vore på idrettsarrangement i 2008. I Oslo/Akershus hadde 48 prosent av befolkninga vore og sett på idrettsarrangement. Det er i særleg grad fotballkampar folk ser på når dei er på idrettsarrangement. Sjå tabell 16.6 og 16.8.

43 prosent med innvandrabakgrunn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Europa utanom EU på idrettsarrangement siste 12 månader i 2008

Tal frå eit tilleggssutval til Kultur- og mediebruksundersøkinga 2008 blant personar med innvandrabakgrunn, syner at 43 prosent av 9-59-åringar med innvandrabakgrunn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Europa utanom EU hadde vore på idrettsarrangement siste 12 månader i 2008, mot 58 prosent blant befolkninga i Noreg i same aldersgruppe. I begge gruppene går menn i større grad på slike arrangement enn det kvinner gjer. Dei med høg hushaldsinntekt går i større grad på idrettsarrangement enn dei som har låg inntekt. Utdanning har derimot lite å seie for om ein nyttar slike tilbod. Blant innvandrarar frå EU, USA, Canada og Australia hadde 46 prosent vore på idrettsarrangement siste 12 månader. Fleire resultat frå undersøkinga finn ein i tabell 16.7.

Over 2 milliardar kroner til idrettsformål

KOSTRA-tala viser at norske kommunar (medrekna Oslo) brukte over 2 milliardar kroner til idrett i 2008. Dette er 20,8 prosent av kommunane sine utgifter til kulturformål, litt lågare del enn i 2007. Auken i netto driftsutgifter til idrett er på litt over 6 prosent samanlikna med 2007-tala. Jf. tabell 16.9 og kapittel 1.3.

16.2. Om statistikken og organisasjonane

Idrettsregistreringa

Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité er det øvste organet i Noregs største interesseorganisasjon, med rundt 2,1 millionar medlemskapar fordelt på om lag 12 000 idrettslag. NIF har som mål å vere den fremste bidragsytaren for å oppnå idrett for alle. (<http://www.nif.idrett.no>).

Alle opplysningane og tala i statistikken baserer seg på elektroniske rapportar frå kvar einskild klubb som er medlem av NIF og frå kvar særidrettsgruppe i klubben. Rapporteringa er per 31. desember i rapporteringsåret. Medlemskapane er summen av medlemmer i kvar einskild klubb, og ikkje talet på personar som totalt er medlem i den organiserte idretten. Talet på personar er lågare av di mange er medlemmer i fleire klubbar. Det har enno ikkje vore mogeleg å registrere eit totaltal på enkeltpersonar som er medlem. (Årsrapport 2008, NIF). Tala i denne

publikasjonen, omfattar berre statistikk på medlemskapar for dei ordinære idrettskrinsane (tal for bedriftsidretten og aktivitetstala er ikkje med i statistikken).

Idrettsanlegg.no Idrettsanlegg.no (Kultur- og kyrkjedepartementet sitt register over idrettsanlegg og søknader om spelemidlar) er eit register over alle idrettsanlegga i Noreg. Anleggsregisteret omfattar anlegg eller tiltak for friluftsliv som har fått tilskot av spelemidlane, frå dei store anlegga bygde og utforma for internasjonale meisterskapar til små balløkker og skileikanlegg. Idrettsanlegg.no inneheld eit nettbasert søknadssystem for spelemidlar til idrettsanlegg, eit register over alle idrettsanlegga i Noreg, og ein kartfunksjon som viser den grafiske plasseringa til anlegga i standart kart og flyfoto.

Anlegga for friluftsliv er også registrerte så langt det er funne formålstenleg. Alle anlegga eller tiltaka for friluftsliv som har fått tilskot av spelemidlane er registrerte. Til saman er det registrert om lag 44 000 anleggseiningar i registeret. Anlegga er registrerte med desse data: Anleggsnummer i registeret, namnet på anlegget, anleggsstad (idrettspark eller liknande) kva for ein kommune anlegget ligg i, anleggskategori (til dømes: fotballanlegg, kart, friluftsliv) anleggstype (til dømes: grasbane, orienteringskart, badeplass) karakteristiske mål, anleggsklasse (til dømes: nasjonalanlegg, kommuneanlegg, nærmiljøanlegg), plassering (kartkoordinatar i økonomisk kartverk) og eventuelt ombyggingsår, eigar, tildelte spelemidlar og året for tildelinga.

Anleggsregisteret vart oppretta i 1992 og sidan har opplysningar om anlegg for idrett og friluftsliv vorte registrerte inn etter kvart. Oppdatering av registeret skjer normalt ein gong i året. I 2006 blei det utført ei opprydding i registeret, noko som kan gjere direkte samanlikningar med tidlegare år vanskeleg. (Idrettsanlegg.no).

Nærmiljøanlegg: Nærmiljøanlegg er anlegg eller område som er lagde til rette for eigenorganisert fysisk aktivitet og gjerne ligg i tilknytning til bustad- og/eller opphaldsområde. Områda skal vere fritt allment tilgjengelege og laga for eigenorganisert fysisk aktivitet, først og fremst for barn og ungdom, men også for lokalbefolkninga elles. Nærmiljøanlegg skal ikkje dekkje behovet for anlegg til organisert idrettsleg aktivitet eller ordinære konkurransar i idrett. Nærmiljøanlegg kan plasserast i tilknytning til eit skoleanlegg og/eller eit idrettsanlegg. (Kultur- og kyrkjedepartementet, Spelemidlar til ordinære nærmiljøanlegg 2005 (V-0795 B)).

*Friluftslivets
fellesorganisasjon*

Friluftslivets fellesorganisasjon, FRIFO vart stifta i 1989 og er ein paraplyorganisasjon for dei 13 største friluftslivsorganisasjonane i landet med til saman over 500 000 medlemskapar og om lag 3 500 lokale lag og foreiningar. FRIFO sitt formål er å fremje det tradisjonelle, naturvennlege friluftslivet og allemannsretten (retten til fri ferdsel i norsk natur) (<http://www.frifo.no>).

Kulturbruksundersøkingane

Statistisk sentralbyrå gjennomfører kvart fjerde år ei utvalsundersøking, der folk i alderen 9-79 år blir spurde om bruken av ulike kulturtilbod. Siste tilgjengelege resultat er publisert i Norsk Kulturbarometer 2008. Data i tabellen 16.6 og 16.8 er henta frå desse undersøkingane. Termen *kvartil* representerer om lag ein fjerdedel av utvalet i undersøkinga i kvar gruppe. Talet i kvar gruppe vil variere noko frå år til år.

Tala i tabell 16.7 viser resultat frå intervjuundersøking om kulturvanar blant personar med innvandrarbakgrunn i alderen 9-59 år. Tala i denne tabellen viser del personar med innvandrarbakgrunn som har vore på idrettsarrangement og kor mange gonger i løpet av 2008. Denne undersøkinga var ei tilleggundersøking til kulturbruksundersøkinga nemnd over, og intervjuar blei utførte samstundes. (Jf. Rapporter 2009/29, SSB).

Referansar:

Idrettsanlegg.no

Friluftslivets fellesorganisasjon: <http://www.frifo.no>

Årsrapport 2008, NIF

Kultur- og kyrkjedepartementet, Spelemidlar til ordinære nærmiljøanlegg 2005 (V-0795 B).

Meir informasjon:

Idrettsanlegg.no: <http://www.idrettsanlegg.no>

Kultur- og kyrkjedepartementet:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kkd/Tema/Idrett.html?id=1082>

Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité: <http://www.idrett.no>

Norsk kulturbarometer 2008: <http://www.ssb.no/kulturbar>

Kulturstatistikk 2007: http://www.ssb.no/emner/07/nos_kultur/

Kultur- og mediebruk blant personar med innvandrarbakgrunn:

http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp_200929/

Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO): <http://www.frifo.no>

Levekårsundersøkinga 2004, fritid: www.ssb.no/emner/07/02/50/fritid/

Levekårsundersøkinga 2007, organisasjonsdeltaking:

<http://www.ssb.no/emner/07/02/10/orgakt/>

16.2. Talet på lag og medlemskap, etter idrettskrins. 2001-2008

	Talet på lag	Medlemskap								
		I alt	Menn				Kvinner			
			I alt	0-12 år	13-19 år	20- år	I alt	0-12 år	13-19 år	20- år
2001	7 136	1 430 597	880 658	214 268	151 983	514 407	549 939	162 050	105 199	282 690
2002	7 292	1 534 868	945 645	238 936	169 299	537 410	589 223	182 895	118 250	288 078
2003	7 531	1 579 550	975 016	250 267	176 490	548 259	604 534	190 571	122 714	291 249
2004	7 633	1 649 311	1 008 923	258 629	182 892	567 402	640 388	204 094	131 704	304 590
2005	7 791	1 675 737	1 018 786	265 888	187 810	565 088	656 951	211 619	136 842	308 490
2006	7 870	1 701 153	1 028 524	271 278	186 601	570 645	672 629	220 699	138 241	313 689
2007	7 725	1 738 086	1 047 103	275 608	188 242	583 253	690 983	222 743	139 818	328 422
2008	7 760	1 770 720	1 059 933	276 787	188 906	594 240	710 787	226 673	141 748	342 366
Idrettskrins										
Østfold	398	83 260	52 759	11 384	8 712	32 663	30 501	8 550	6 138	15 813
Akershus	666	215 775	131 972	36 840	25 005	70 127	83 803	28 327	17 323	38 153
Oslo	611	215 489	134 705	28 630	18 486	87 589	80 784	18 746	11 685	50 353
Hedmark	377	79 207	47 901	14 204	9 339	24 358	31 306	11 206	6 676	13 424
Oppland	395	78 050	44 179	11 386	7 423	25 370	33 871	10 360	6 499	17 012
Buskerud	380	96 696	60 053	15 261	10 240	34 552	36 643	11 794	7 234	17 615
Vestfold	304	74 932	47 233	10 544	8 132	28 557	27 699	8 743	5 427	13 529
Telemark	307	59 411	34 839	8 432	6 352	20 055	24 572	7 295	4 939	12 338
Aust-Agder	179	36 695	21 403	5 801	3 829	11 773	15 292	4 566	2 994	7 732
Vest-Agder	264	52 511	32 007	8 311	6 026	17 670	20 504	7 018	4 566	8 920
Rogaland	542	138 299	81 642	24 457	15 422	41 763	56 657	22 702	12 189	21 766
Hordaland	783	163 750	96 515	29 316	19 013	48 186	67 235	25 553	14 833	26 849
Sogn og Fjordane	188	45 804	25 861	6 274	4 832	14 755	19 943	5 082	4 216	10 645
Møre og Romsdal	495	93 984	54 911	13 773	10 013	31 125	39 073	11 695	8 179	19 199
Sør-Trøndelag	477	129 703	76 256	17 590	13 751	44 915	53 447	14 896	10 476	28 075
Nord-Trøndelag	301	56 709	32 286	8 529	5 906	17 851	24 423	7 166	5 010	12 247
Nordland	532	70 217	40 239	12 684	8 010	19 545	29 978	11 082	6 555	12 341
Troms Romsa	370	53 574	30 393	9 113	5 548	15 732	23 181	8 040	4 391	10 750
Finnmark Finnmarku	191	26 654	14 779	4 258	2 867	7 654	11 875	3 852	2 418	5 605

Kjelde: Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité.

16.3. Talet på anlegg, etter klassifikasjon og fylke. 2004-2008

	I alt	Nasjonalanlegg	Ordinære idrettsanlegg	Nærmiljøanlegg
2004	40 122	5	28 489	11 628
2005	42 526	5	30 146	12 375
2006	43 718	5	30 479	13 234
2007	43 911	5	30 343	13 563
2008	44 168	5	30 417	13 746
Fylke				
Østfold	1 903	-	1 307	596
Akershus	3 507	-	2 310	1 197
Oslo	1 893	2	1 170	721
Hedmark	2 733	1	2 044	688
Oppland	2 857	1	2 125	731
Buskerud	2 923	1	2 170	752
Vestfold	1 668	-	1 174	494
Telemark	1 881	-	1 362	519
Aust-Agder	1 529	-	1 003	526
Vest-Agder	2 082	-	1 260	822
Rogaland	3 257	-	1 919	1 338
Hordaland	3 519	-	2 274	1 245
Sogn og Fjordane	1 935	-	1 236	699
Møre og Romsdal	3 258	-	2 391	867
Sør-Trøndelag	2 293	-	1 622	671
Nord-Trøndelag	2 012	-	1 373	639
Nordland	2 586	-	1 844	742
Troms Romsa	1 586	-	1 188	398
Finnmark Finnmarku	737	-	637	100
Svalbard	9	-	8	1

Kjelde: Kultur- og kyrkjedepartementet.

16.4. Tal på anlegg og innbyggjarar per anlegg for nokre utvalde anleggskodar. 2004-2008

Type anlegg	2004		2005		2006		2007		2008	
	Einingar	Innbyggjarar per anlegg	Einingar	Innbyggjarar per anlegg	Einingar	Innbyggjarar per anlegg	Einingar	Innbyggjarar per anlegg	Einingar	Innbyggjarar per anlegg
Skianlegg i alt	4 069	1 125	4 057	1 135	4 051	1 145	4 050	1 156	3 992	1 187
Alpinbakkar	574	7 975	574	8 025	576	8 056	575	8 141	574	8 253
Hoppbakkar	989	4 628	982	4 691	961	4 829	949	4 933	904	5 240
Skiløyper	2 506	1 827	2 501	1 842	2 514	1 846	2 526	1 853	2 514	1 884
Friluftsliv i alt	2 791	1 640	2 813	1 638	2 873	1 615	2 927	1 599	2 939	1 612
Tursti	2 563	1 786	2 592	1 777	2 637	1 760	2 681	1 746	2 693	1 759
Turkart	228	20 077	221	20 843	236	19 662	246	19 029	246	19 257
Fotballanlegg i alt	4 447	1 029	4 709	978	4 782	970	4 639	1 009	4 659	1 017
Fotballbaner	4 408	1 038	4 668	987	4 737	980	4 591	1 020	4 609	1 028
Fotballhallar	39	117 371	41	112 350	45	103 116	48	97 524	50	94 743
Friidrettsanlegg i alt ..	1 008	4 541	1 004	4 588	1 003	4 626	1 002	4 672	993	4 771
Fast dekke	119	38 466	122	37 757	122	38 035	125	37 449	123	38 514
Grusdekke	527	8 686	516	8 927	508	9 134	502	9 325	492	9 628
Delanlegg	362	12 645	366	12 586	373	12 440	376	12 450	378	12 532
Hestesportanlegg	270	16 954	288	15 994	300	15 467	302	15 500	316	14 991
Ridebaner	187	24 478	200	23 032	207	22 417	209	22 398	219	21 631
Ridehallar	83	55 150	88	52 345	93	49 895	93	50 335	97	48 837
Isanlegg	52	88 028	56	82 256	59	78 648	58	80 709	60	78 953
Ishallar	34	134 631	36	127 955	38	122 111	38	123 188	39	121 466
Hurtigløpsbaner (kunstis)	10	457 746	12	383 864	13	356 940	12	390 095	12	394 764
Bandybaner (kunstis) ...	8	572 182	8	575 795	8	580 027	8	585 142	9	526 352
Idrettshallar	739	6 194	764	6 029	804	5 771	814	5 751	834	5 680
Fleirbrukshallar	739	6 194	764	6 029	804	5 771	814	5 751	834	5 680
Skoleanlegg	3 038	1 507	3 025	1 523	3 001	1 546	2 985	1 568	2 965	1 598
Gymnastikksalar	3 038	1 507	3 025	1 523	3 001	1 546	2 985	1 568	2 965	1 598
Nærmiljøanlegg	9 141	501	9 594	480	10 396	446	10 560	443	10 829	437
Balløkker/ballbingar	4 511	1 015	4 746	971	5 055	918	5 131	912	5 205	910
Aktivitetsanlegg	3 574	1 281	3 754	1 227	4 222	1 099	4 278	1 094	4 476	1 058
Skolekart	1 056	4 335	1 094	4 211	1 119	4 147	1 151	4 067	1 148	4 126
Symjehallar	1 154	3 967	1 108	4 157	1 117	4 154	1 112	4 210	1 119	4 233
Symjehallar	1 069	4 282	1 038	4 438	1 046	4 436	1 041	4 497	1 047	4 525
Utdørs symjeanlegg ..	85	53 852	70	65 805	71	65 355	71	65 931	72	65 794
Golfbaner	114	40 153	157	29 340	162	28 643	163	28 719	162	29 242
18 hol	50	91 549	54	85 303	57	81 407	58	80 709	56	84 592
9 hol	64	71 523	74	62 248	76	61 056	77	60 794	84	56 395
6 hol	:	:	29	158 840	29	160 008	28	167 183	22	215 326
Orientering	3 403	1 345	3 418	1 348	3 446	1 347	3 467	1 350	3 449	1 373
Orienteringskart	3 375	1 356	3 390	1 359	3 418	1 358	3 439	1 361	3 421	1 385
Skiorienteringskart	28	163 481	28	164 513	28	165 722	28	167 183	28	169 185

Kjelde: Kultur- og kyrkjedepartementet.

16.5. Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO). Lokallag og medlemskap. 2003-2008

	2003		2004		2005		2006		2007		2008	
	Lokal- lag	Med- lem- skap	Lokal- lag	Med- lem- skap	Lokal- lag	Med- lem- skap	Lokal- lag	Med- lem- skap	Lokal- lag	Med- lem- skap	Lokal- lag	Med- lem- skap
Heile landet	3 837	503 464	3 542	507 879	3 465	511 117	3 578	523 719	3 580	526 707	3 494	539 151
Den Norske												
Turistforening	50	201 333	51	203 896	50	207 257	52	210 556	55	215 000	56	222 291
Forbundet Kysten ³	..	..	..	..	..	..	105	8 826	111	8 612	114	8 910
Skiforeningen	8	50 000	7	48 500	8	49 213	8	50 181	8	49 310	8	48 646
Norges Jeger- og												
Fiskerforbund	576	103 488	577	110 892	577	111 311	575	110 595	575	110 710	577	117 864
Norges												
folkesportforbund	330	25 000	316	20 000	298	20 000	283	20 000	280	20 000	268	20 000
KFUK-KFUM-												
speiderne	531	13 469	323	13 135	² 288	12 860	274	13 349	266	13 095	256	12 212
Norges Klatreforbund ¹ ..	125	7 007	126	8 966	141	9 671	163	10 500	176	11 300	176	11 520
Norges												
orienteringsforbund	415	30 433	407	29 891	401	25 731	401	25 731	399	24 285	397	23 120
Norges Padleforbund ...	76	8 900	77	10 044	87	11 368	88	12 226	100	13 500	110	14 439
Norges Røde Kors												
Hjelpekorps	323	12 145	325	11 580	313	14 010	322	13 000	320	14 000	307	13 395
Norges speiderforbund ..	614	21 213	610	20 970	591	20 138	607	19 392	604	18 079	550	19 531
Norske 4H	776	18 789	709	18 232	697	17 058	684	16 863	671	17 360	659	16 314
Syklisterenes												
landsforening	13	11 687	14	11 773	14	12 500	16	12 500	15	11 456	16	10 909

¹ Ny medlem 2003. ² Nedgangen i lokale lag kjem av samanslåinga av KFUK- og KFUM-speidarane. ³ Ny medlem 2006.

Kjelde: Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO).

16.6. Personar som har vore på eit idrettsarrangement, og talet på besøk i gjennomsnitt dei siste 12 månadene, etter kjønn, alder, utdanning, hushaldsinntekt og landsdel. 1997-2008

	Prosent				Besøk i gjennomsnitt			
	1997	2000	2004	2008	1997	2000	2004	2008
Alle personar	54	57	55	56	6,2	5,2	5,9	6,5
Kjønn								
Menn	61	62	62	61	7,4	6,0	6,8	7,1
Kvinner	48	51	49	50	5,0	4,4	5,0	6,0
Alder								
9-15 år	76	72	69	69	7,2	5,6	6,4	6,1
16-24 "	69	72	64	64	7,2	6,9	6,4	6,1
25-44 "	61	62	63	60	8,4	6,6	7,8	9,6
45-66 "	45	45	47	49	4,7	3,5	4,9	5,1
67-79 "	19	29	25	35	0,9	1,5	1,2	2,2
Utdanning								
Ungdomsskole	42	52	43	48	4,3	5,7	4,3	5,2
Vidaregåande skole	54	55	55	55	6,9	4,8	6,4	6,7
Universitet/høgskole, kort	58	59	59	60	6,2	5,2	5,7	7,7
Universitet/høgskole, lang	54	55	55	50	5,9	5,4	5,8	5,5
Hushaldsinntekt								
1. kvartil	40	51	42	46	3,4	3,8	3,3	3,9
2. kvartil	59	58	54	59	6,1	5,9	5,4	6,4
3. kvartil	60	65	64	64	6,5	6,4	7,4	8,2
4. kvartil	63	63	66	69	9,2	6,3	7,9	10,6
Landsdel								
Oslo/Akershus	51	51	55	48	6,1	4,6	5,4	6,6
Austlandet elles	53	55	54	54	6,1	5,3	5,7	5,7
Agder og Rogaland	55	58	49	63	6,1	5,7	4,6	7,4
Vestlandet	56	61	59	58	6,3	5,6	6,7	6,3
Trøndelag	68	61	59	64	9,1	5,4	7,0	9,4
Nord-Noreg	51	62	57	55	4,4	4,6	6,5	4,8

Kjelde: Norsk kulturbarometer 2008, Statistisk sentralbyrå.

16.7. Personar i alderen 9-59 år som har vore på idrettsarrangement og talet på besøk dei siste 12 månadene, etter landgruppe, kjønn, alder, hushaldsinntekt, utdanning og bustadstrøk. 2008. Prosent og gjennomsnitt

	Prosent			Besøk i gjennomsnitt		
	Befolkninga i Noreg	Innvandrarar frå Asia, Afrika, Latin-Amerika, Europa utanom EU/EØS	Innvandrarar ¹ frå EU/EØS, USA, Canada og Australia	Befolkninga i Noreg	Innvandrarar frå Asia, Afrika, Latin-Amerika, Europa utanom EU/EØS	Innvandrarar ¹ frå EU/EØS, USA, Canada og Australia
Alle	58	43	46	7,4	3,6	3,6
Kjønn						
Menn	65	49	41	7,9	4,8	3,6
Kvinner	51	36	52	7,0	2,4	3,6
Alder						
9-15 år	70	56	:	6,0	4,9	:
16-24 "	57	55	:	4,8	4,0	:
25-44 "	58	41	:	10,1	3,5	:
45-59 "	50	31	:	5,7	2,8	:
Hushaldsinntekt						
0-399 000	47	38	:	3,7	2,5	:
400 000-599 000	59	39	:	7,9	3,0	:
600 000-	66	61	:	9,7	5,8	:
			:			:
Utdanning						
Grunnskole	50	41	:	5,5	4,3	:
Vidaregåande skole	57	48	:	8,6	4,1	:
Universitet og høgskole	59	45	:	8,6	3,3	:
Bustadstrøk						
Tettbygd under 20 000 og spreittbygd	60	46	:	7,2	4,2	:
Tettbygd 20 000 - 99 000	60	44	:	8,9	4,0	:
Tettbygd 100 000 eller fleire	56	42	:	7,3	3,1	:

¹ Tal for alder, hushaldsinntekt, utdanning og bustadstrøk kan ikkje oppgis fordi talmaterialet er for lite.

Kjelde: Kultur- og mediebruk blant personer med innvandrerbakgrunn 2008, Statistisk sentralbyrå.

16.8. Personar som har vore på ulike typar idrettsarrangement. 1991-2008. Prosent

	Fotball	Handball	Ishockey	Annan lagidrett	Løping	Annan friidrett	Skidrett	Skøyteløp	Annan individuell idrett
1991	61	14	3	5	3	5	5	0	6
1994	52	14	3	3	3	2	13	2	9
1997	60	14	2	3	2	4	8	0	7
2000	62	14	2	4	1	3	5	0	9
2004	63	13	2	3	1	3	5	0	9
2008	64	12	2	4	1	3	4	0	8

Kjelde: Norsk kulturbarometer 2008, Statistisk sentralbyrå.

16.9. Netto driftsutgifter og brutto investeringsutgifter for kommunar (konsern) til idrett, etter fylke. 2006-2008

	Netto driftsutgifter funksjon 380 Idrett	Netto driftsutgifter funksjon 380 Idrett. Prosent av totale netto driftsutgifter til kulturformål	Brutto investeringsutgifter funksjon 380 Idrett
	Millionar kroner	Prosent	Millionar kroner
2006	1 730,4	20,7	1 486,8
2007	1 915,2	21,1	2 038,8
2008 ¹	2 035,5	20,8	2 523,5
2008			
Østfold	96,5	21,0	99,8
Akershus	229,2	24,5	364,5
Oslo	249,3	22,8	369,6
Hedmark	70,5	20,0	92,6
Oppland	67,6	18,1	33,9
Buskerud	115,4	22,5	225,4
Vestfold	100,7	23,9	56,3
Telemark	75,6	19,1	254,0
Aust-Agder	39,5	17,3	39,6
Vest-Agder	59,0	17,2	50,3
Rogaland	219,3	20,7	148,0
Hordaland	247,3	24,1	171,0
Sogn og Fjordane	42,2	18,4	66,3
Møre og Romsdal	82,5	17,2	145,7
Sør-Trøndelag	123,0	21,0	79,9
Nord-Trøndelag	32,5	14,1	52,0
Nordland	80,3	15,7	159,1
Troms Romsa	56,7	17,9	37,8
Finnmark Finnmarku	48,4	21,4	77,7

¹ Gjeld funksjon 380 og 381.
Kjelde: Statistisk sentralbyrå.


17. Trus- og livssynssamfunn og Den norske kyrkja

17.1. Nokre resultat

Over 411 000 i trus- og livssynssamfunn

Per 1. januar 2008 hadde trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja (Dnk) 411 800 medlemmer, som dei fekk statstilskot for. Dette representerer om lag 9 prosent av befolkinga og betyr ein auke på nesten 8 000 medlemmer frå året før. Meir enn halvparten av personane i statistikken for trus- og livssynssamfunn, hørte til kristne samfunn utanfor Dnk. Til saman blei det rapportert nær 227 000 medlemmer i kristne samfunn utanfor Dnk. Dei to største kristne trussamfunna utanfor Dnk var Den romersk-katolske kyrkja med over 54 000 medlemmer og menigheiter innanfor pinserørsla med om lag 40 000 medlemmer. Islamske trussamfunn hadde 83 700 medlemmer, eller over 20 prosent av alle medlemmene i statistikken for trus- og livssynssamfunn utanfor Dnk. 80 700 var medlemmer i livssynssamfunn i 2008. 99 prosent av alle medlemmene i livssynssamfunn hørte til Human-Etisk Forbund.


Figur 17.1. Medlemmer¹ i trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja, etter religion/livssyn. 2008. Prosent



¹ Omfattar berre medlemmer det blir motteke offentleg stønad for.
Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Fleire i trus- og livssynssamfunn i Oslo

Veksten for medlemmer i trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja har enda eit år vore størst for busette i Oslo, men ikkje så stor som førre året. Veksten er størst både i absolutte tal og prosent, høvesvis 3 400 medlemmer og 3,6 prosent. I Oslo er 99 000, eller bortimot 18 prosent av folkemengda, medlemmer i eit trus- eller livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja. Blant dei som er busette i Oslo, har dei islamske samfunna nærare 40 000 medlemmer, og kristne trussamfunn nærare 36 000 medlemmer. Sogn og Fjordane er framleis det fylket der færrest er medlemmer i eit trus- eller livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja. Berre snaue 3 prosent i dette fylket er medlem i eit slikt samfunn.

Figur 17.2. Medlemmer¹ i trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja, etter fylke. 2006-2008

¹ Omfattar berre medlemmer det blir motteke offentlig stønad for. ² Inkludert 85 busette i utlandet.
Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Færre utmeldingar i Den norske kyrkja


7 000 personar melde seg ut av Dnk i 2008 og 960 melde seg inn. Det er ein nedgang i talet på utmelde samanlikna med 2007. Talet på innmelde var om lag det same som i 2007. Per 31. desember 2008 var det rapportert at 81 prosent av Noregs befolkning var medlemmer i Dnk. Jf. tabell 17.4.

Det blei utført 42 600 dåpshandlingar i Den norske kyrkja i 2008, 400 færre enn i 2007. Prosentdelen døypte i forhold til fødte gjekk ned med 3 prosentpoeng samanlikna med året før. 41 660 blei konfirmerte i Dnk i 2008. Delen konfirmerte av alle 15-åringar gjekk svakt ned i 2008, med 0,8 prosentpoeng samanlikna med året før og låg på 66 prosent. Det vart rapportert 38 800 gravferder i Dnk i 2008, om lag det same som året før.

Stabile vigselstal, men færre gudstenestebesøk

Den norske kyrkja utførte 10 500 vigslar i 2008. Talet på vigslar i 2008 held seg dermed stabilt i høve til 2007, etter ein stor auke i 2006. Totalt vart det inngått 25 100 ekteskap i 2008, ein auke på 1 650 sett i høve til førre året og ein auke på 3 400 på dei to siste åra. (SSB, 27.8.09). Auken i kyrkjelege vigslar reflekterer ein auke i det totale talet på giftarmål. Prosentdelen kyrkjelege vigslar sett i høve til alle vigslar var 42 prosent i 2008. I 2006 og 2007 var delen kyrkjelege vigslar 44 prosent av det totale talet på vigslar. Fleire bispedøme hadde òg i 2008 ein auke i talet på vigslar. Auken var størst i Tunsberg bispedøme med 83 fleire vigslar.

Det blei rapportert om 67 500 gudstenester og meir enn 6,3 millionar besøk ved desse gudstenestene i Dnk i 2008. I høve til 2007 var det ein nedgang i talet på gudstenester og om lag 100 000 færre besøk.

Figur 17.3. Den norske kyrkja. Talet på deltakarar per gudsteneste søndagar/helgedagar i gjennomsnitt, etter bispedøme. 2006-2008

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.[Statistics Norway.]

39 prosent av befolkninga på trus- eller livssynsmøte siste 12 månader

Tal frå Kulturbruksundersøkinga 2008 blant personar 9-79 år syner at 39 prosent av befolkninga hadde vore på trus- eller livssynsmøte dei siste 12 månadene i 2008. I 2004 var prosenten 40. Fleire kvinner enn menn går på slike møte. Det er dei i aldersgruppa 9-15 år og 67-79 år, altså dei yngste og dei eldste, som går mest på trus- og livssynsmøte. Det er i særleg grad personar som bur i Agder/Rogaland og på Vestlandet som går på slike møte. Det er ein liten tendens til at folk med høgre utdanning i større grad går på slike møte enn dei med låg utdanning. I gjennomsnitt går ein nordmann på tre slike møter i løpet av eit år. Fleire resultat frå undersøkinga finn ein i tabell 17.6.

43 prosent med innvandrarbakgrunn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Europa utanom EU på trus- eller livssynsmøte siste 12 månader i 2008

Tal frå eit tilleggssutval til Kultur- og mediebruksundersøkinga 2008 blant personar med innvandrarbakgrunn, syner at 43 prosent av 9-59-åringar med innvandrarbakgrunn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Europa utanom EU hadde vore på trus- eller livssynsmøte siste 12 månader i 2008, mot 38 prosent blant befolkninga i Noreg i samme aldersgruppe. I begge gruppene går menn og kvinner i om lag like stor grad på trus- eller livssynsmøte. Det er liten skilnad i slik møtedeltaking om ein hører til i eit hushald med høg inntekt eller eit med låg inntekt. Utdanning har også nokså lite å seie. Blant innvandrarar frå EU, USA, Canada og Australia hadde 39 prosent vore på trus- eller livssynsmøte siste 12 månader. Fleire resultat frå undersøkinga finn ein i tabell 17.7.

17.2. Om statistikken – trus- og livssynssamfunn og Den norske kyrkja

Trus- og livssynssamfunn

Hovudføremålet med denne statistikken er å synleggjere talet på medlemmer i dei trussamfunna og livssynssamfunna utanfor Dnk som søker om statsstøtte. Statistikken over trus- og livssynssamfunn utanfor Dnk byggjer på oppgåver frå fylkesmennene over dei samfunna som har fått statstilskot. Frå 2005 blir medlemslistene til trus- og livssynssamfunna som søker om statstilskot via fylkesmennene sende til Brønnøysundregistra (BR) for kontroll. Medlemslistene blir kontrollerte for dobbeltmedlemskap mellom dei ulike trus- og livssynssamfunna og for dobbeltmedlemskap mellom Dnk og trus- og livssynssamfunn utanfor Dnk. SSB mottok oppgåve over talet på medlemmer frå BR.

Alle trus- og livssynssamfunna som er godkjende hos fylkesmannen og som får statstilskot for rapporterte tal på medlemmer i samfunnet, er med i statistikken.

Eininga i statistikken er det enkelte samfunn. Statistikken inneheld ikkje opplysningar om talet på menigheiter.

Den norske kyrkja

Frå og med statistikkåret 2005 skjer rapporteringa av årsstatistikk for Dnk på elektronisk skjema til SSB. Føremålet med statistikken er å gi informasjon om verksemda i kyrkjelydane.

Statistikken omfattar alle geografiske sokn i Dnk, unnateke Svalbard. Det blir samla opplysningar om innmeldingar, utmeldingar, kyrkjelege handlingar⁵, gudstenester, opplæring og diakoni, barnehage- og skolekontakt, kyrkjemusikk og kulturarbeid, frivillig arbeid og ofringar. I hovudsak skal det rapporterast om verksemdar som går føre seg i soknet og som presten, soknerådet og dei tilsette har ansvar for. Aktivitetar som andre kristelege organisasjonar driv, er ikkje med i denne statistikken.

Kulturbruksundersøkingane

Statistisk sentralbyrå gjennomfører kvart fjerde år kulturbruksundersøkingar. Data i tabell 17.6 er henta frå desse undersøkingane, publisert i Norsk kulturbarometer 2008. I denne undersøkinga blir det spurd om *"har du vore på trus- eller livssynsmøte dei siste 12 månadene"*. Viss svaret er ja, blir det spurd *"kor mange gonger i løpet av dei siste 12 månadene har du vore på trus- og livssynsmøte"*. Med trus- og livssynsmøte meiner ein gudsteneste, messe eller møte arrangert av trussamfunn eller organisasjon som representerer ikkje-religiøse livssyn. Dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferder er ikkje medrekna. Dette spørsmålet omfattar alle typar trussamfunn eller livssynssamfunn, inkludert Den norske kyrkja. Termen *kvartil* representerer om lag ein fjerdedel av utvalet i undersøkinga i kvar gruppe. Talet i kvar gruppe vil variere noko frå år til år.

Tala i tabell 17.7 viser resultat frå intervjuundersøking om kulturvanar blant personar med innvandrarakgrunn i alderen 9-59 år. Tala i denne tabellen viser del personar med innvandrarakgrunn som har vore på trus-/livssynsmøte og kor mange gonger i løpet av 2008. Denne undersøkinga var ei tilleggundersøking til kulturbruksundersøkinga nemnd over og intervju blei utførte samstundes.

Referansar:

Statistisk sentralbyrå: DS, Kyrkje-KOSTRA, 16.6.2009

Statistisk sentralbyrå: DS, Befolkningsstatistikk. Ekteskap og skilsmisse, 27.8.2009

Nyttige Internett-adresser:

Kulturstatistikk 2007: http://www.ssb.no/emner/07/nos_kultur/

Statistisk sentralbyrå: http://www.ssb.no/kirke_kostr/

Kultur- og kyrkjedepartementet: http://www.regjeringen.no/nb/dep/kkd/tema/tros-og_livssynssamfunn

Den norske kyrkja: <http://www.kirken.no/>

Levekårsundersøkingane: <http://www.ssb.no/emner/07/02/10/orgakt/>

Norsk kulturbarometer 2008: <http://www.ssb.no/kulturbar/>

Kultur- og mediebruk blant personar med innvandrarakgrunn:

http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp_200929/

Befolkningsstatistikk. Ekteskap og skilsmisser: <http://www.ssb.no/ekteskap/>

⁵ Talet på kyrkjelege vigslar i denne statistikken avviker noko frå talet på kyrkjelege vigslar som byggjer på folkeregisteropplysningar i Befolkningsstatistikk. Ekteskap og skilsmisser

17.1. Medlemmer¹ i trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja, etter religion/livssyn. 1. januar. 2005-2008. Absolutte tal og prosent

	2005		2006		2007		2008	
	Absolutte tal	Prosent av alle	Absolutte tal	Prosent av alle	Absolutte tal	Prosent av alle	Absolutte tal	Prosent av alle
Medlemmer, i alt	382 986	100,0	383 510	100,0	403 909	100,0	411 790	100,0
Baha'i	1 006	0,3	1 004	0,3	1 015	0,3	1 024	0,2
Buddhisme	9 471	2,5	9 934	2,6	10 753	2,7	11 038	2,7
Hinduisme	3 769	1,0	3 669	1,0	4 098	1,0	4 566	1,1
Islam	76 621	20,0	72 023	18,8	79 068	19,6	83 684	20,3
Jødedom	909	0,2	870	0,2	868	0,2	850	0,2
Kristendom	215 090	56,2	216 141	56,4	225 507	55,8	226 969	55,1
Sikhisme	2 298	0,6	2 257	0,6	2 440	0,6	2 537	0,6
Livssyn	73 517	19,2	77 271	20,1	79 722	19,7	80 659	19,6
Andre trus- og livssynssamfunn	305	0,1	341	0,1	438	0,1	463	0,1

¹ Omfattar berre medlemmer det blir motteke offentleg stønad for.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

17.2. Medlemmer¹ i trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja, etter religion/livssyn og medlemmer i Dnk, etter fylke. 2006-2008

	Medlemmer utanfor Den norske kyrkja	Buddhisme	Islam	Kristendom	Annan religion ²	Livssyn	Medlemmer i Den norske kyrkja per 31.12
2006	383 510	9 934	72 023	216 141	8 141	77 271	3 871 006
2007	403 909	10 753	79 068	225 507	8 859	79 722	3 873 847
2008	411 790	11 038	83 684	226 969	9 440	80 659	3 874 823
2008							
Østfold	28 383	1 084	5 742	17 754	248	3 555	213 214
Akershus	47 052	1 630	8 465	23 358	1 477	12 122	413 472
Oslo	99 047	2 617	39 263	36 036	4 018	17 113	354 445
Hedmark	9 542	325	1 130	5 281	80	2 726	167 034
Oppland	7 917	252	1 136	4 125	97	2 307	163 648
Buskerud	24 602	730	6 790	11 812	1 262	4 008	202 949
Vestfold	20 372	468	2 697	12 581	263	4 363	184 853
Telemark	18 669	344	2 194	13 449	72	2 610	134 551
Aust-Agder	11 877	222	585	9 689	27	1 354	85 238
Vest-Agder	22 647	489	1 813	18 270	68	2 007	127 305
Rogaland	32 573	621	5 661	20 484	293	5 514	341 608
Hordaland	31 654	873	2 716	21 219	521	6 325	395 238
Sogn og Fjordane	3 019	35	314	1 785	46	839	96 814
Møre og Romsdal	10 749	160	887	6 986	311	2 405	220 913
Sør-Trøndelag	16 575	741	2 385	7 268	467	5 714	245 340
Nord-Trøndelag	4 699	82	403	2 432	45	1 737	118 470
Nordland	11 099	123	699	7 339	57	2 881	209 760
Troms Romsa	7 657	161	627	4 540	46	2 283	136 584
Finnmark Finnmarku	3 657	81	177	2 561	42	796	63 387

¹ Omfattar berre medlemmer det blir motteke offentleg stønad for. ² Omfattar Bahai, Jødedom, Sikhisme og andre trusreningar.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

17.3. Medlemmer¹ i kristne trussamfunn utanfor Den norske kyrkja. Per 1. januar. 2005-2008

	2005	2006	2007	2008
Kristne trussamfunn	215 090	216 141	225 507	226 969
Adventistsamfunnet	5 567	5 258	5 281	5 177
Dei frie evangeliske forsamlingar	3 653	3 514	3 628	3 455
Den Evangelisk Lutherske Frikyrkja i Noreg	21 140	19 308	19 524	19 496
Den Finlandska evangelisk-lutherska församling	² 3 504	3 738	4 291	4 288
Den Islandske Evangeliske Lutherske menighet i Noreg	² 3 395	2 999	2 027	-
Den kristelige menighet	6 054	6 280	6 476	6 602
Den ortodokse kyrkja	5 028	5 494	6 075	6 771
Den romersk-katolske kyrkja	43 118	46 440	51 508	54 011
Det Evangelisk-Lutherske kyrkjesamfunn	3 410	3 347	3 345	3 275
Det norske Baptistsamfunn	9 549	8 745	9 071	9 492
Det Norske Misjonsforbund	8 505	8 154	8 399	8 476
Jehovas vitner i Noreg	14 502	14 568	14 756	14 856
Kristensamfundet	2 472	2 461	2 505	2 463
Kristne senter	3 264	2 975	3 353	3 324
Metodistkyrkja i Noreg	11 981	11 324	11 299	11 133
Pinsemenigheter	42 744	39 492	40 398	39 866
Svenska Margaretaförsamlingen i Oslo	² 7 267	12 166	13 098	14 087
Andre kristne trussamfunn	19 937	19 878	20 473	20 197

¹ Omfattar berre medlemmer det blir motteke offentleg stønad for. ² Berekna etter gamal metode.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

17.4. Den norske kyrkja. Kyrkjelege handlingar, etter bispedøme. 1995-2008

	Talet på personar					
	Døyppte	Konfirmerte	Kyrkjelege vigslar	Kyrkjelege gravferder	Innmelde i Dnk	Utmelde frå Dnk
1995	50 342	39 857	13 502	42 104	1 130	5 857
1996	50 067	39 122	13 837	41 352	1 071	5 000
1997	50 294	39 083	14 049	42 417	1 392	4 955
1998	48 462	37 870	13 189	42 002	871	4 831
1999 ¹	48 049	37 408	12 744	42 436	943	4 416
2000	48 023	37 330	14 041	41 369	843	4 519
2001	46 135	37 427	12 091	41 313	1 239	3 866
2002	44 136	38 250	12 690	41 531	854	3 759
2003	43 916	40 183	11 440	40 115	856	3 603
2004	44 008	41 600	10 710	38 491	877	4 475
2005	43 016	42 110	10 189	37 683	1 178	6 038
2006	43 255	42 587	9 594	37 897	1 132	8 134
2007	42 916	42 472	10 358	38 805	956	8 312
2008						
I alt¹	42 599	41 655	10 536	38 832	955	7 036
Oslo	4 549	3 360	900	4 549	130	1 421
Borg	5 047	5 154	1 189	4 753	92	941
Hamar	3 348	3 515	933	4 185	56	394
Tunsberg	3 899	3 733	1 103	4 187	95	632
Agder og Telemark	3 899	3 975	1 195	3 907	141	846
Stavanger	4 519	4 292	1 126	2 762	153	671
Bjergvin	5 830	5 893	1 301	4 610	110	755
Møre	2 829	2 901	661	2 349	50	286
Nidaros	4 130	4 112	992	3 318	63	584
Sør-Hålogaland	2 263	2 443	560	2 305	25	263
Nord-Hålogaland	2 286	2 277	576	1 907	40	243

¹ Statistikken omfattar ikkje kyrkjelege handlingar i utlandet eller ved institusjonar (sjukehus, fengsel), kyrkje for høyrseilsskade, feltprestkorpsset o.a. som har eiga kyrkjebokføring.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

17.5. Den norske kyrkja. Gudstenester og deltakarar på gudstenester, etter bispedøme. 1995-2008

	Gudstenester		Deltakarar		Talet på deltakarar per gudsteneste søndagar/ Helgedagar i snitt
	I alt	Av dette gudstenester på søndagar/ helgedagar	I alt	Av dette deltakarar på gudstenester søndagar/ helgedagar	
1995	71 760	51 757	7 462 944	5 602 284	108,2
1996	73 149	52 476	7 234 642	5 471 186	104,3
1997	72 659	53 707	7 182 081	5 392 558	100,4
1998	72 094	52 948	7 080 758	5 479 949	103,5
1999	71 235	52 246	6 869 729	5 298 655	101,4
2000	71 300	51 729	6 928 579	5 318 513	102,8
2001	70 630	51 529	6 678 321	5 169 015	100,3
2002	69 949	50 904	6 709 633	5 156 170	101,3
2003	69 896	50 559	6 742 174	5 185 894	102,6
2004	69 643	50 415	6 769 080	5 211 881	103,4
2005	70 070	52 045	6 716 051	5 389 181	103,5
2006	69 050	52 049	6 582 921	5 291 092	101,7
2007	67 562	51 429	6 432 108	5 177 754	95,2

2008

I alt	67 455	50 948	6 330 752	5 069 341	99,5
Oslo	6 889	4 377	657 977	478 561	109,3
Borg	6 488	5 112	629 258	506 123	99,0
Hamar	6 401	4 956	490 493	387 743	78,2
Tunsberg	6 212	4 763	562 292	455 949	95,7
Agder	7 318	5 873	738 316	613 984	104,5
Stavanger	6 257	4 617	764 805	626 163	135,6
Bjergvin	9 562	6 931	865 875	703 437	101,5
Møre	4 118	3 401	430 326	360 920	106,1
Nidaros	5 526	4 412	527 950	416 088	94,3
Sør-Hålogaland	4 253	3 364	334 485	273 572	81,3
Nord-Hålogaland	4 431	3 142	328 975	246 801	78,5

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

17.6. Personar som har vore på trus- eller livssynsmøte, og talet på besøk i gjennomsnitt dei siste 12 månadene, etter kjønn, alder, utdanning, hushaldsinntekt og landsdel. 1997, 2000, 2004 og 2008. Prosent og gjennomsnitt

	Prosent				Besøk i gjennomsnitt			
	1997	2000	2004	2008	1997	2000	2004	2008
Alle personar	39	41	40	39	3,5	3,3	3,4	3,1
Kjønn								
Menn	34	36	36	37	3,1	2,8	3,4	2,7
Kvinner	44	46	43	41	3,9	3,7	3,4	3,6
Alder								
9-15 år	60	57	55	52	3,0	2,8	3,6	4,2
16-24 "	38	38	35	41	3,8	3,2	3,6	2,9
25-44 "	34	38	36	34	3,0	3,2	3,0	2,5
45-66 "	39	38	40	35	3,9	3,1	3,1	2,9
67-79 "	37	50	45	46	4,2	4,5	5,0	4,8
Utdanning								
Ungdomsskole	34	37	41	31	3,0	2,5	4,3	1,8
Vidaregåande skole	35	38	33	36	3,3	3,3	3,1	2,9
Universitet/høgskole, kort	41	46	42	42	4,1	4,5	3,1	3,8
Universitet/høgskole, lang	43	43	49	41	4,8	3,7	2,8	3,1
Hushaldsinntekt								
1. kvartil	37	43	38	37	3,4	3,5	4,8	3,0
2. kvartil	40	39	38	38	4,3	4,2	3,1	3,6
3. kvartil	41	42	41	44	4,4	2,7	2,9	3,5
4. kvartil	38	39	44	42	2,6	2,3	2,9	2,4
Landsdel								
Oslo/Akershus	35	36	39	33	2,6	3,2	3,6	3,2
Austlandet elles	39	43	43	39	3,3	3,0	3,2	3,4
Agder og Rogaland	44	45	43	48	6,2	5,9	5,8	4,9
Vestlandet	41	44	37	45	3,2	3,1	2,9	2,8
Trøndelag	44	41	37	34	3,4	2,2	2,1	1,9
Nord-Noreg	33	36	37	32	2,7	1,4	1,8	1,3

Kjelde: Norsk kulturbarometer 2008, Statistisk sentralbyrå.

17.7. Personar i alderen 9-59 år som har vore på trus- eller livssynssmøte og talet på besøk dei siste 12 månadene, etter landgruppe, kjønn, alder, hushaldsinntekt, utdanning og bustadstrøk. 2008. Prosent og gjennomsnitt

	Prosent			Besøk i gjennomsnitt		
	Befolkninga i Noreg	Innvandrar- bakgrunn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika Europa utanom EU/EØS	Innvandrarar ¹ frå EU/EEA, USA, Canada og Australia	Befolkninga i Noreg	Innvandrar- bakgrunn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika Europa utanom EU/EØS	Innvandrarar ¹ frå EU/EEA, USA, Canada og Australia
Alle	38	43	39	3,0	7,8	4,8
Kjønn						
Menn	38	43	30	2,8	9,5	5,0
Kvinner	39	43	47	3,2	6,0	4,5
Alder						
9-15 år	54	46	:	4,5	10,7	:
16-24 "	44	39	:	4,2	7,4	:
25-44 "	34	43	:	2,5	6,4	:
45-59 "	32	44	:	2,3	9,2	:
Hushaldsinntekt						
0- 399 000	38	45	:	2,4	7,2	:
400 000-599 000	38	41	:	3,4	8,3	:
600 000-	41	48	:	2,5	7,4	:
Utdanning						
Grunnskole	31	38	:	3,3	7,1	:
Vidaregåande skole	35	40	:	2,4	6,0	:
Universitet og høgskole	36	47	:	2,9	8,5	:
Bustadstrøk						
Tettbygd under 20 000 og spreittbygd .	41	39	:	2,6	5,9	:
Tettbygd 20 000 - 99 000	33	43	:	2,6	6,0	:
Tettbygd 100 000 eller fleire	39	46	:	3,6	9,6	:

¹ Tal kan ikkje offentleggjerast for alder, hushaldsinntekt, utdanning og bustadstrøk fordi talmaterialet er for lite.

Kjelde: Kultur- og mediebruk blant personer med innvandrerbakgrunn 2008, Statistisk sentralbyrå.